31	Tiltak skulebygg jfr. KST sak 58/17	Det vert utarbeidd kostnadskalkylar for følgjande tre prosjekt som i saka er tilrådd gjennomført på kort sikt: 1. Ungdomsskulen - Planarbeid for ny idrettsfløy vert starta opp. I ein eventuell ny fløy skal det byggjast ny kroppsøvingssal m/amfiløysing og klasserom. Planarbeidet skal òg vurdere om eit nybygg kan sikra naudsynt utviding av arealet slik at skulen kan ta imot minst 520 elevar og 20 klassar. Planarbeidet må sjåast i samanheng med det pågåande arealplanarbeidet for sentralidrettsanlegget og området rundt. 2. Oppussing av Vangen skule i samsvar med arbeidsgruppa sine innspel til kortsiktige løysingar slik at skulen får tilfredsstillande løysingar for personale og at alle rom i bygget blir rehabilitert fullt ut. 3. Det blir engasjert ein arkitekt som ser korleis Skulestad skule kan byggjast om slik at den tilfredsstillende krav for personale og elevar i framtida. På lang sikt: 1. Sentrumsplanen skal innehalda vurderingar om kvar det kan byggjast nye skular i sentrumsområdet. Skulestrukturen i sentrumsområdet vert å koma tilbake til. 2. Utbygging ved Palmafossen blir vurdert dersom bygging av bustader i krinsen held fram i same omfang som no, det er mange ledige tomter i inntaksområdet til Palmafossen. Dersom blir godkjent at det skal byggjast bustader i Bømoen må skulen byggjast på. Oppgraderingar som gjeld naudsynte og lovpålagde brannsikringstiltak skal ha høgste prioritet på alle skular. Det vert løyvd 6 millionar til prosjektet i 2021. Eit førebels anslag på prosjektkostnad er sett til 75 millionar kr.
32	Lundhaugen Omsorgbustader MNF	Lundhaugen: Tomta kan nyttast til omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne. Kostnadsestimat for 12 leilegheiter: 46,1 mill.kr. Det har tidlegare vore løyvd 22 millionar kr til prosjektet. 16,9 millionar kr i 2019 kjem som tilskot, og lånebehovet vert derfor på omtrent 7 millionar kr.
35	Brannstasjon	Brannstasjonen på Vetleflaten støttar ikkje lenger behovet kvalitetsmessig og er blitt for liten for dagens aktivitet og nye Voss kommune. Tomtekostnad uvisst. Årlege driftsutgifter til eit større bygg må påreknast.
36	Trafikksikring Lekvemoen kryss Lekvemogata – Utrågata	I samband med utbygging av nytt gymnas på Skulehaugen og nytt parkeringsanlegg i Lekvemoen er det krav om å forbetre trafikksituasjonen i Utrågata og Lekvemoen. Det er inngått avtale mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Voss kommune om ei tredeling av kostnader knytt til opparbeiding av Lekvemokrysset. Det er i tillegg behov for å gjere utbetringar på det kommunale vegnettet i Lekvemoen. Det er eit attraktivt sentrumsområde som bør prioriterast med betre tilrettelegging og utvikling
Kontinuerlige prosjekt		
2	Større inventar/utstyr i skuler barnehager inkl. bilar	Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular. Årleg treng vi fornying av inventar/utstyr.
3	Miljøretta helsevern/større vedlikehaldsarbeid ute og inne	Bygg – ogegedom har ein pott som kan nyttast for å sikre at einingane blir godkjent formiljøretta helsevern og større vedlikehaldsarbeid
4	Mindre tilpassingar bygg pga særlege behov hjå elevar/for drift	Blir nytta til bygningsmessige tiltak for at barn/elevar med nedsett funksjonsevne
5	Investering i teknisk utstyr pleie og omsorg (til institusjonane inkl. avlastning)	Oppgradering/utskifting av tekniske installasjonar/teknisk rom. Installering av nytt og større nødstraumsaggregat. Teknisk rom vart ikkje rehabilitert ved siste ombygging.
6	3 -4 nye tenestebilar årleg Helse og omsorg	Behov for å skifte ut eksisterande tenestebilar. Estimert at ein kan skifte ut 3-4 bilar for 700 000 kr årleg med å anskaffe bruktbilar.
8	IT investeringar	

Nr	Investeringsprosjekt	Kommentar
10	Rehabilit. Tinghus 1 inkl utbetring ventilasjon brannsikring	Utbetring ventilasjon, brannsikring, kjellar mv.
11	Diverse takrehab. kommunale bygg	Skulebygg og kommunale utleigebustader. Det er mange dårlege tak på kommunale bygningar, både barnehagar, skular, bustadar og anna. Det er lekkasjar, laus takstein, utdatert papp etc. Det er trong for å auke årleg tildeling til 2,5 mill. pr år, nokre tak vert sendt som eigne tiltak grunna storleik. På grunn av tronge rammer i økonomiplanperioden, vel ein å skyve tiltaket til oppstart 2020.
12	Bygg og eigedom - utskifting av bilar	Utskifting av eldre bilar.
13	Grøn avdeling - maskiner/utstyr	Trong for utskifting av maskiner samt tilpassa utstyr til endra areal.
14	Fornyng av bil- og maskinparken Anlegg & vedlikehald	Det er naudsynt med utskifting av maskinparken på driftsavdelinga. Dei siste åra har ein utsett investeringar lengst mogeleg. Dette har ført til investeringsetterslep, og ein treng eit løft på 3 mill. årleg i perioden.
15	Hovudplan Vatn	Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og utskifting av leidningsnett.
16	Hovudplan Avlaup	Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og utskifting av leidningsnett.
17	Trafikksikringstiltak (jfr. Trafikksikringsplanen, ny rullering 2011)	Vidareføring av trafikksikringsplanen
19	Bruer jmf internkontroll	Internkontrollrapport stadfestar kva tiltak som er naudsynt for å oppretthalda standarden på dei 106 kommunale bruene.
20	Veginvestering - opprusting kommunale vegar	Kommunale vegar er i dårleg forfatning, og det er ynskjeleg med nye løyvingar tilsvarende tidlegare vegfond (10 mill. årleg). Det er utarbeidd ei prioriteringsliste med utgreiing av opprustingsbehov og prioritering mellom dei ulike vegane.
21	Tryggleikspakke Helse og omsorg	Ny generasjon av velferdsteknologi og tryggleiksalarm.
24	Velferdsteknologi Helse og omsorg (sjølvfinansierande 5 års levetid)	Velferdsteknologi er brukarretta teknologi for tryggleik, auka sjølvstende, medbestemming og betre livskvalitet. Velferdsteknologi kan gi økonomiske vinstar på millionbeløp som kan omdisponerast til bl.a. andre tenester for meir krevande brukarar. Vinstane kan realiserast gjennom auka kapasitet med eksisterande ressursar, redusere etterspurnad etter tenester frå brukar, eller redusere tidsbruk og dermed ressursbehov/bemanning for enkelte tenester. Dette er eit naudsynt tiltak for å handtere utfordringar i framtida.
27	Utrykningsbilar brann - utskifting av køyretøy Vossestrand	Eksisterande brannbil er gammal og må erstattast av ny
33	Istadmyrane industriområde, infastruktur vidare utviding	Totalt ferdig utbygd vil dette koste 54 mill. kr. (iverslag frå 2010). Dette har vore utgangspunkt for pris på tomter. Dersom vi investerer dei 10 mill. kr som alt er løyvd, vil vi kome i gang med utbygginga og kunna selja tomter og byggja vidare for inntekter. Føreset at salsinntekter vert tilbakeført i infrastruktur.

Forklarande tekst uprioriterte tiltak

Nr	Investeringsprosjekt	Kommentar
72	Aktivitetspark og festivalområde	Arealet er regulert gjennom områdereguleringsplan for Strandareal langs Vangsvatnet Kostnaden ved opparbeiding er stor og området må truleg opparbeidast over fleire år. Det må jobbast med å få ei fornuftig prioritering og oppbygging av dei ulike elementa som skal inn.
84	Uteområde opprusting bustader	
6.3 .30	Vossestrand Omsorgstun - garasje/carport heimespl/lager vaktmeister	Garasje/carport til heimesjukepleie, lagerplass for div utstyr vaktmeister

Nr	Investeringsprosjekt	Kommentar
6.3 .31	Tinghuskvartalet - utskifting/oppgradering varmeanlegg/oljefyr fjernast 2020	Utskifting og oppgradering varmeanlegg. Oljefyr fjernast 2020
6.3 .32	Tinghuskvartalet - nytt/samkøyrtd SD- anlegg	Nytt og samkøyrtd SD-anlegg
6.3 .33	Gryto - nytt ventilasjonsanlegg	Nytt ventilasjonsanlegg
6.3 .34	Utomhusområde Idrettsplassen/Vossabadet - offentleg uteareal	Me har no midlar til å få laga ein reguleringsplan. Men det må setjast av midlar til opparbeiding av ny infrastruktur og uteområde.
6.3 .35	Strandareal langs Vangsvatnet	Arealet er regulert gjennom områdereguleringsplan for Strandareal langs Vangsvatnet p-id 2010010. Det er i tillegg utarbeida ein formingsrettleiar som skal vere rettlege for alle tiltak som skal etablerast innanfor området. Det trengs midlar til gjennomføring av tiltak som er regulert. Det gjeld ljøs, møblering, opparbeiding av ulike aktivitetssoner, tilrettelegging for sitteplassar. Arbeidet med opparbeiding kan gjennomførast etter prioritert rekkefølge over tid. Ynskjer ein eit attraktivt strandareal må setjast av midlar til kontinuerleg drift av strandarealet.
6.3 .37	Park Panorama - inngått utbyggingsavtale (frist 2025)	Fortettingsprosjekt i sentrum. Arealet er regulert gjennom detaljreguleringsplan for Park hotell Vossevangen p-id 2013007. Det er inngått utbyggingsavtale med utbyggjar. Vedteken utbyggingsavtale gjev Voss kommune eit kontantbidrag slik at definerte tiltak i området kan gjennomførast. Voss kommune skal vere ansvarleg for utbygginga. Dette er eit viktig tiltak i samband med offentleg tilrettelegging for god bustadfortetting i sentrum. Prosjektet må gjennomførast innan tidsfrist, elles vil kommunen miste kontantbidraget. Frist 2025
4.1 .1	Elvesikring Elvegata	NVE prosjekt frå Mylna og ned til Elvegata har stoppa opp pga. kostnader. Det er veldig viktig og få fullført prosjekt som er starta opp. Det er behov for midlar til gangbru under jernbanebrua og samankopling av gangveg til gatetunet i Elvegata. Viktig sentrumsprosjekt i ein del av sentrum som treng oppgradering. Samanhengande gang/sykkelveg frå Mylna og gjennom Prestegardsmoen er eit viktig mål.
6.1 .1	Masseutskifting kommunale vegar distrikt	Stort etterslep med å få vegar opp på akseptabelt nivå. Viser til prioritert vegliste
6.3 .1	Ny hovudbrannstasjon	Tilfredsstillar ikkje krav, for liten, Arbeidstilssynsrapport med pålegg. Tomtekostnad uvis. Årlege driftsutgifter til eit større bygg må påreknast og innarbeidast i seinare økonomiplan.
2.1 .2	Digitalisering i skulane - oppgradering maskinvare til 2018-nivå	Det er trong for midlar til investeringar i skulane framover. Maskinparken:· Oppgradering av pc-ar og andre digitale verktøy· Norm på minimum 2 elevar pr. pc på 1. til 7. trinn· Innan2020 skal alle elvar på ungdomsskulane ha tilgang til ei maskin/digital eining.
6.1 .2	Kommunal veg - andel av felles prosjekt med VA	Tiltak på veg fører med seg også oppgradering VA. Separering overvatn – spillvatn. Reduserer prosjektkost med del VA på 8 mill. (sjølvfinansiert). Fordeling av kostnad på Veg, VA, Voss Energi. Viser til liste saneringsplan VA,
6.6 .2	Brannstasjon Vossestrand	Avvik frå arbeidstilsynet også i desse lokala. Det må avklarast om det skal byggjast nye lokala eller leiga. Årlege driftsutgifter vert om lag kr 200.000 avhengig av løysing.
6.6 .3	Ny hovudbrannstasjon - utgreiing	Kommunalsjef har utarbeidd mandat for arbeidsgruppe for utgreiing av plassering og lokala for hovudbrannstasjon.
6.1 .5	Lagerbygg Istad, erstattar innleigd areal, prosjektkost nedanfor	Sjølvfinansiert, leiger areal i dag. Prosjektkost ligg på BOE nedanfor.
6.1 .8	Kollektivknutepunkt - omlegging VA- leidningar	Kollektivknutepunkt. Svv har lagt ut 2 ulike alternativ på enterprise, og vil ta avgjersle i løpet våren/sommaren 2018. Forventa oppstart etter sommarferie 2018. Kostnader ligg i anbodet.
6.1 .9	Palmafoss-Liavegen - omlegging VA- leidningar	Omlegging Palmafossen næringsbygg (fellesprosjekt, mest vesentleg for VA pga. kryssing rv13). Separering overvatn.

Nr	Investeringsprosjekt	Kommentar
6.1 .10	Osavegen-nedre Mølster - utskifting avløpsledning	Utskifting av avløpsledning. Ferdigprosjektert. Klart til å senda ut på konkurranse.
6.1 .11	Brynavollen - utviding av kontorkapasitet	Utviding av kontorkapasitet Brynavollen
6.3 .12	Uteområde skular/barnehagar	1 anlegg kvart år i planperioden
6.3 .14	Vetleflaten - utskifting vifter/motorar i ventilasjonsanlegg	Utskifting vifter/motorar i ventilasjonsanlegg
6.3 .15	Voss barnehage - nytt kjøkken	Nytt kjøkken
6.3 .16	Voss barnehage - omarbeiding uteområde/ny innkøyring	Omarbeiding uteområde/ny innkøyring
6.3 .17	Tinghuskvartalet - oppgradering uteområde	Uteområdet i kvartalet
6.3 .18	Tinghuset - utskifting vindauge NAV-fløy - ENØK	Utskifting vindauge NAV - ENØK
6.3 .19	Tinghuset - oppussing fasadar og utelys	Opp-pussing fasadar og utelys
6.3 .20	Tinghuset - arbeidsplassbelysning i landskap 2. + 3. etasje - HMS	Arbeidsplassbelysning i landskap 2. + 3. etg
6.3 .21	Lagerbygg BOE og Driftsavd. - Istadmyrane (erstatter innleigde lokale)	Erstatning for leigde areal Bømoen og Istad. Finansierast av innspart husleige.
6.3 .22	Ungdomsskulen - Vestfløy - utskifting vindauge, kledning, isolering	Utskifting vindauge og kledning, isolering
6.3 .23	Ungdomsskulen - Austfløy - isolering, vindauge, drenering	Isolering og kledning. Drenering
6.3 .24	Voss sjukeheim - ventilasjon 1. og U. etg	Ventilasjon i 1. etg og underetg
6.3 .25	Gullfjordungen skule - SFO full rehab innvendig	SFO: full rehab. innvendig
6.3 .26	Brannførebyggjande tiltak - kommunale bygg	Budsjettpost brukt opp 2018. Treng påfyll
6.3 .27	Skulestad skule - personalrom, planarbeid starta 2018	Personalrom - planarbeid starta 2018
6.3 .28	Ungdomsskule idrettsfløy - rivast/erstatta av undervisningsbygg	Riva og erstatta med nytt undervisningsbygg
6.3 .29	Adgangskontrollsystem i kommunale bygningar	Nytt automatisk berøringsfritt adgangssystem i komm. bygg. Tett samarbeid med IT
	Voss barnehage - tilbygg	
	Bulken og Gjernes barnehage - samanslåing	
	Lundhaugen omsorgsbustader - utstyr	
	Kommunalt kjøkken - estimat for byggekostnad frå rapport 2016	
	Kommunalt kjøkken - utstyr	
	Bygging av hardbruksbustader	
	Responscenter/ beredskapssenter	
	Bilar rus og psykiatritenesta	
	Utskifting av minibuss/varebil kvart 3.år.	
	Beredskapssenter/ helsehus	
	VTA plassar	
	Modellbibliotek	

6 Kommentarer frå avdelingane

6.1 Rådmannen - politiske organ

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Rådmannen - politiske organ			
Sum utgifter	35 052 837	21 884 504	14 154 511
Sum inntekter	-25 842 671	-9 897 092	-8 249 099
Netto	9 210 166	11 987 412	5 905 412

Politiske organ omfattar kommunestyret, formannskap, miljø og kulturutvalet, administrasjonsutvalet, levekårsutvalet, næring og tiltaksutvalet, støtte til politiske parti, kommunestyret sin reservepost, utgifter relatert til kommune-/fylkestingsval, godtgjersle til ordførar og varaordførar, og aktivitet knytt til kommunesamanslåing.

Rådmannen omfattar administrasjonsutgifter og løn til rådmann, lønsreserve for heile kommuneorganisasjonen og lovpålagde områder som revisjon, kontrollutval og beredskap.

Offentlege organ omfattar kontrollutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Pensjon ligg også under rådmannen og politiske organ. I 2019 er det lagt opp til ein auka bruk av premiefond jf. økonomiplanen 2019-2022. Auka fondsbruk er eit tiltak for å gje ei "mjuk" overgang til lågare inntektsnivå for Voss kommune, og i 2019 vert det lagt opp til å bruke 21,5 millionar kr frå fondet. Dette er ei auke frå 2018 på 11,5 millionar kr.

6.1.1 Folkevalte organ

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Folkevalte organ			
Sum utgifter	31 280 486	15 481 341	14 070 677
Sum inntekter	-25 740 274	-9 810 492	-8 162 499
Netto	5 540 212	5 670 849	5 908 178

Budsjettet til prosjektet med kommunesamanslåinga ligg under folkevalde organ. Utgiftene her er justert noko ned i 2019 i høve budsjett 2018. Dette er grunna utbetaling til Granvin herad i 2018 som gjeld arbeid med samanslåinga for både 2018 og 2019. Budsjettet vert finansiert med eingongsmidlar frå staten som kjem med tanke på eingongsutgifter ved kommunesamanslåing.

6.1.2 Rådmannen

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Rådmannen			
Sum utgifter	1 714 085	14 579 366	24 914 037
Sum inntekter	-41 415	0	0
Netto	1 672 670	14 579 366	24 914 037

Auka i budsjettet her skyldast ein høgare prognose for lønsveksten i 2019, noko som førar til eit

behov for høgare lønsreserve. Lønsreserveposten vert fordelt på dei ulike kommunalavdelingane på hausten, etter at lønsoppgjeret er klart. Prognosen for lønsvekst i 2019 er ein del høgare enn for 2018, og lønsreserveposten justerast derfor opp frå 12 mill. kr. i 2018, til omtrent 22 mill. kr i 2019.

6.1.3 Offentlege organ

Driftsrapport

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Offentlege organ			
Sum utgifter	1 668 023	1 823 797	1 823 797
Sum inntekter	-60 146	-86 600	-86 600
Netto	1 607 877	1 737 197	1 737 197

Budsjettframlegget for kontrollutvalet og arbeidsmiljøutvalet er lagt inn med same beløp som i 2018.

6.2 Oppvekst

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Oppvekst			
Sum utgifter	489 969 997	459 376 983	471 255 663
Sum inntekter	-99 830 267	-80 063 983	-80 867 663
Netto	390 139 730	379 313 000	390 388 000

Økonomi

Endringar i ramma vert basert på fylgjande tiltak, i samsvar med vedteken økonomiplan:

- Auke i driftsbudsjett for grunnskule kr 3.500.000
- Oppstart av ambulerande team kr 500.000
- Auke i lønsmidlar for barnehage kr 1.600.000
- Auke i driftstilskot private barnehagar 2.500.000
- Drift av barnevernsvakt kr 700.000
- To stillingar til helsesøstrer kr 1.500.000
- Innsparing vakanse kr - 250.000
- Rammenedtrekk grunna redusert integreringstilskot kr - 2.300.000
- Utgiftsreduksjon knytt til introduksjonsløn kr - 3.600.000

Dei to siste tiltaka er knytt til ein forventning om lågare tal flyktningar, noko som førar til redusert integreringstilskot. Nokon utgifter vil automatisk gå ned grunna detta, deriblant introduksjonsløn og tilskot knytt til etablering og livsopphald.

Budsjettet er elles framskrive frå 2018. Ramma har ikkje gitt høve til auke i frie driftspostar. Husleiga er auka for høgskulebygget med 370.000 kr og for helsestasjons- og skulehelsetenesta på vel 120.000 kr.

Driftsbudsjetta er svært stramme.

Brukarperspektiv

Kommunen gjennomfører jamleg brukarundersøkingar der dette er utvikla av KS og "Betre kommune". Resultat blir lagt fram offentleg når dei er analysert og klare til presentasjon.

Medarbeidarperspektiv

Det er eit generelt godt tilfang av søkjarar til utlyste stillingar, bortsett frå dei stillingar som treng spesialkompetanse. Her har vi vanskar i høve rekruttering.

Vi har per oktober konstituert tilsette i leiarstillingar ved Palmafossen og i Barnevernet, der ny rektor på Palmafossen byrjar i januar og stillinga til leiar for barnevernet er lyst ut.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	468	453	451
Tal personar	559	545	551

Interne prosessar

Det blir jobba kontinuerleg med betre måtar å jobba på, der ein jamleg tek ei vurdering av arbeidsmetode og fordeling av oppgåver.

Ein jobbar òg med betre implementering av systemer ein allereie har i dag. Det blir samstundes jobba med moglege alternativ fram mot Nye Voss herad i 2020.

6.2.1 Administrasjon

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Administrasjon			
Sum utgifter	5 549 484	6 292 842	5 153 685
Sum inntekter	-221 376	-271 884	-66 884
Netto	5 328 108	6 020 958	5 086 801

Økonomi

Voss kommune er i gang med omorganisering av organisasjonsstruktur for Nye Voss herad i 2020. Det vil truleg ikkje vere store endringar i økonomi eller stillingsstruktur i budsjettåret 2019 for administrasjonen i Oppvekst.

Det er ein vakant stilling i administrasjonen i 2019, som gjer ein innsparing relativt til 2018. Leiarar for grunnskule og barnehage vert flytt til sine respektive områder, og utgiftene relatert til desse stillingane er derfor overført desse.

Brukarperspektiv

Fellesadministrasjonen handterer forvaltningssaker og personalsaker for tenestene i oppvekst og saksutgreiing til politiske møte.

Kontoret er i tett kontakt med leiarar i einingane, og har faste møte med dei.

Eininga organiserer fellestiltak som kurs for tilsette, mellom anna på planleggingsdagar, nettverk for nyutdanna, pedagogiske leiarar, menn i barnehage, SFO-leiarar.

RVTS er ei satsing som går på tvers av tenestene i oppvekst og blir organisert av fellesadministrasjonen. Dette er ei satsing som vil halde fram i 2019.

Medarbeidarperspektiv

Stillingar er omgjort frå saksbehandlar i fellesadministrasjonen til leiar for grunnskulane, leiar for barnehagar, leiar for andre tenester for barn og unge. I sistnemnde leiarfunksjon ligg ei samorganisering mellom barnevernet, helsestasjons- og skulehelsetenesta og ppt-kontoret.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk		8,25	8,25
Tal personar		12	12

Interne prosessar

Alle dei fire leiarane for grunnskule, barnehage, integrering og vaksenopplæring og støttetjenestene er no på plass, og full operative i 2019.

Det blir òg jobba med nye og betre måtar å rapportera økonomi på for leiarane ut i einingane. Dette for å skapa betre oversikt og forståing for økonomien i sitt ansvarsområde.

Fellesadministrasjonen vil jobba mot oppnå dei nye måla for personvern og informasjonssikkerheit for brukarane i oppvekst.

6.2.2 Grunnskular

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Grunnskular			
Sum utgifter	224 259 434	214 020 910	222 378 845
Sum inntekter	-37 411 084	-31 386 375	-32 267 320
Netto	186 848 350	182 634 535	190 111 525

Økonomi

Grunnskulen har 1791 elevar (2017: 1787) og klassetal på 90 (2017: 89) fordelt på 10 grunnskular. Elevtalet heldt seg stabilt, med liten auke. Hovuddrivaren av utgiftene i grunnskulen er elevtal, og vil truleg halde seg stabile i 2019 samanlikna med 2018.

For tidleg innsats og den nye lærarnormen er det komen øyremerka midlar som skal nyttast til å styrka lærartettleiken i grunnskulen. I budsjett er det lagt inn ca. 3 mill. kr i forventa statleg øyremerka midlar.

I 2018 har det vore mange gjesteelevar på vossaskulane, noko som er ressurskrevjande. Det vil truleg halde fram i 2019, men det er svært usikkert då dette kan endra seg raskt. Det er i dag blitt bevilga stillingar frå fylkesmannen som skal jobba med gjesteelvar.

I økonomiplan er det blitt bevilga midlar til å innføra ambulerande team. Hovudstrategien er å samla eit tverrfagleg team som jobbar på tvers av einingane i oppvekst. Planlegginga starta hausten 2018.

SFO-satsar er auka med 3,25%, da dette er forventa lønsvekst i 2019.

Brukarperspektiv

Tilstandsrapporten for grunnskule gir informasjon om læringsresultatet og brukarundersøkingar.

Utviklingsarbeidet "Betre læringsmiljø" vil halde fram i planperioden. Tema i perioden er: Vurdering for læring, felles prinsipp for begynnaropplæringa i lesing/skriving/rekning, felles prinsipp for korleis vi møter/støttar elevane i deira sosiale utvikling. I "Vurdering for læring" får alle lærarane kollektiv kompetanseheving gjennom nettundervisning utvikla av høgskulen i Innlandet.

Skulane, og einingane generelt i oppvekst, er i gang med RVTS som er eit forebyggjande tiltak som er retta mot born med traume og samspillsvanskar. Her er målet å avdekkje og handsame på eit tidleg tidspunkt, allereie i barnehage og tidleg grunnskule.

Solskjerming på skulebygg har lenge vore etterspurt og er no blant prioriterte tiltak som skal igangsettast i næraste framtid.

Medarbeidarperspektiv

Dei fleste skulane på Voss er innanfor den nye lærarnorma som er innført i år, der Voss ungdomsskule var 0,6 årsverk under norma, mens Skulestad låg akkurat på grensa. Det vil kome eit årleg tilskot for dette fram til 2020.

Kompetansehevingsplan for lærarar med manglande kompetanse etter dei nye kompetansekrava frå 1.8.2015 er utarbeida. Kommunen, som i fjor, jobbar med å gjennomføra kompetansehevinga fram til 2025. I haust deltek 7 lærarar i vidareutdanning med statleg støtte. Dei tek faga Matematikk 5-10 trinn, Engelsk 2: 8-10 trinn, Norsk 1: 1-7 trinn, Norsk språk som andrespråk og Lesing og skriving: 1-7 trinn.

Rektorane melder om store utfordringar knytt til å gi gode tilbod til elevar med særlege behov, gjesteelevar, særskilt norsk opplæring og elles elevar som har det vanskeleg. Som i fjor er det ei auke i elevar med ulike diagnoser som treng særskilt tilpassing og tett oppfølging til ei kvar tid, noko som både er ressursmessig og økonomisk krevjande innanfor dei gitte rammene.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	272	265	262
Tal personar	328	317	326

Interne prosessar

Ny læringsplattform for skulane skal vurderast og eventuelt innførast i budsjettår 2019. Itslearning vil då bli anten vidareført eller skifta ut med ei tilsvarande god løysning, med mål om betre integrasjon med dei systema ein har i dag.

Det blir òg jobba med skuleadministrasjonssystem for digitalisering av elevmapper, der ein skal oppnå krava som er pålagt for personvern og informasjonssikkerheit. Dette for betre integrasjon mellom tenestene i oppvekst, samstundes ivareteke personvernkrava

Vi har framleis fokus på å utarbeide rutinar og prosedyrar i fellesskap på dei felt der det er føremålstenleg. Avvikshandtering, internkontroll og årshjul for tenestene må kontinuerleg utviklast for at vi i alle ledd skal jobbe effektivt.

6.2.3 Barnehagar

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Barnehagar			
Sum utgifter	135 345 114	129 904 370	138 636 961
Sum inntekter	-21 172 054	-19 166 594	-20 940 487
Netto	114 173 060	110 737 776	117 696 474

Økonomi

Budsjettet gjeld åtte kommunale barnehagar med 411 barn (2017: 398 barn) per 1.9.2018 og tilskot til private barnehagar.

751 barn (2017: 747) går i barnehage, 93,5% av barn i alderen 1-5 år har barnehageplass. Rett til plass gjeld alle som har søkt innan 1. mars og fyller eitt år innan 1. desember. Barnehagane får noko inntekstap av foreldrebetaling når barn startar opp i barnehagen i oktober eller i november månad.

Forskrift om pedagogisk bemanning og grunnbemanning er vedtatt og gjeld frå 1.8.18. I høve grunnbemanning er det i økonomiplanen løyvd 1,6 mill. kr (5/12) og på årsbasis 3,8 mill. kr til bemanningsnorma (ca. 7 årsverk) frå 1.8.2019. Tilskot til private barnehagar er auka med 2,5 mill. kr som følge av auke i budsjettet til kommunale barnehagar i 2017 på 1,8 mill. kr for tilbakeføring av innsparingstiltak frå 2012 om 25 barn ekstra utan bemanning. Det er i tillegg løyvd auka driftstilskot til private barnehagar som følge av ny bemanningsnorm i 2021.

Brukarperspektiv

Foreldre med låg inntekt får anten gratis kjernetid for 3, 4 og 5-åringar eller ein reduksjon på 6% av bruttoinntekta til hushaldninga. Innteksgradert foreldrebetaling utgjer ca. 1,5.mill. kr i redusert inntekt for barnehagane. Kommunen saksbehandlar søknader for både kommunale og private

barnehagar.

Per september står det 171 barn (2017: 151) på søkjarlista, ca. 80 (2017:60) ønskjer byte av plass eller barnehage. Omlag 15 barn (2017: 16) ønskjer plass frå no og fram til 31.12.2018. I januar 2019 er det omlag 8 barn til som ønskjer barnehageplass.

Det er forskriftsfesta at barn som fyller tre år frå januar til august skal reknast som under tre år fram til nytt barnehageår. Tidlegare år har vi kunne flytta barn som fyller tre år i løpet av våren opp til stor avdeling og slik gi plass til nye barn innan same arealkrav og bemanningsnorm. Dei nye reglane vil føre til at ingen nye barn vil få barnehageplass i vårhalvåret dersom ikkje tal plassar blir utvida eller det blir ledige plassar.

Medarbeidarperspektiv

Utviklingsarbeid "Den gode barnehage" er revidert og held fram til 2020. Planen er vedteken i Utval for levekår og har som mål å gi god kvalitet til brukarane. Nøkkelfaktorar er felles satsing på leining, kompetente vaksne, positivt sosialt miljø, språkutvikling og samarbeid med foreldre. Alle barnehagar har delteke i opplæring av barnehage-Zero.

Barnehagane har starte opp med felles mal for startsamtale med alle foreldre. Dette er ei oppfølging av prosjekt for betre tidleg innsats for alle barn.

I år er det starta opp samarbeid med RVTS som vil gå over to år.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	115	103,5	100,5
Tal personar	139	123	119

Stillingar for permisjonar er med i berekninga

Interne prosessar

Ny organisering av oppvekst med fire nye leiarar oppretta frå 1.3.2018 som jobbar tverrfagleg for at barn skal ha ein god å trygg oppvekst på Voss.

Det blir jobba mykje med å utarbeide nye reglar og rutinar på barnehagefeltet knytt til Voss herad.

Ny lovregel om tilretteleggingsplikt for barn med nedsett funksjonsevne på individuelt grunnlag krev mykje saksbehandling og kommunen behandlar søknader både for kommunale og private barnehagar.

6.2.4 PPT-tenesta

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
PPT-tenesta			
Sum utgifter	14 262 088	7 994 594	10 231 160
Sum inntekter	-8 833 248	-2 540 314	-2 267 814
Netto	5 428 840	5 454 280	7 963 346

Økonomi

PPT Voss yter tenester til fem kommunar, der fire kommunar, Eidfjord, Granvin, Ullensvang og Ulvik, har samarbeidsavtale med Voss og betalar for tenestene etter refusjonskrav.

Ullensvang har sagt opp avtalen med Voss PPT frå og med 1.8.2019. PPT får eit inntektstap på

807.500 kr som følgje av dette. Drifta er i budsjettet tilpassa denne endringa. Me har mellom anna ei stilling mindre frå 1.1.19 og ein tilsett som er midlertidig tilsett fram til 1.8.19. Bruk av bil og utstyr vil automatisk bli redusert.

Nytt telefonsystem fører til auka telefonutgifter.

Endring i bruk av teknologi fører til meir utgifter til lisensar til ulike datasystem og testmateriell me no nyttar. Utgiftene til papir går ned.

PPT har gamle bilar, og desse er i dårleg stand. Dette fører til auka utgifter til drift av desse.

PPT har teke over ansvaret for Logopedi. Budsjettet til logopedane er difor overført til PPT, og netto ramma til PPT vert auka grunna dette.

Brukarperspektiv

PPT vil stort sett ha same nivå på tenestene overfor brukarane i 2018 som tidlegare år. Kontoret legg vekt på å vera meir tilgjengelege ute i barnehagar og skular, for å betre kunna bidra til tidleg innsats overfor barn og elevar med særlege behov. Endring i lova krev meir tilstadeværing ute hos einingane. Me ser det er mange individsaker som gjer dette vanskeleg å få til.

Medarbeidarperspektiv

Den pågåande omorganiseringa i Voss kommune, samt samanslåingsprosessen med Granvin er krevjande for medarbeidarane. Stillingar er uklare, me er overtalige og ser ikkje at nokon kan seiast opp. Me har prøvd med naturleg "avgang", men dette dekker likevel ikkje inn kostnadane våre. Me har for tida for mange klientar til kvar rådgjevar, og får pålagt fleire oppgåver på systemnivå, jfr lovverket. Dette fører til slitasje på personale.

Stillingsoversyn

Budsjett 2019	2 019	2 018	2 017
Årsverk	8,7	9,53	9,88
Tal personar	11	12	11

Interne prosessar

PPT samorganiserar seg med Logopedi. Dette krev tilrettelegging av arbeidsplassar.

Me er på veg over til digigtalt arkiv og sakshandsamingssystem - Public360. Dette vil på sikt føra til eit betre logistikksystem med resten av kommunen. Og på sikt, mindre driftsutgifter.

Det vil vere aktuelt å sjå på nye avtalar i samband med sal og kjøp av kommunale tenester, da omlegging av tenesta fører til meir tid ute i kommunane.

6.2.5 Integrering og vaksenopplæring

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Integrering og vaksenopplæring			
Sum utgifter	59 479 150	52 252 362	46 687 688
Sum inntekter	-22 097 090	-20 739 830	-19 901 172
Netto	37 382 060	31 512 532	26 786 516

Økonomi

Etter mange år med jamn høg busetting var oppmodinga for inneverande år 20 personar, inklusiv ein tilleggsanmoding som kom i juni. Kommunen har til no teke imot 3 overføringsflyktningar, 2 einsleg mindreårige og 2 familiesameinte. Kommunen har òg teke imot to personar på sekundærbusetting frå andre kommunar.

Oppmoding for 2019 kjem i 4. kvartal, og prognosane for busetting tyder på ein vidareføring om lag på noverande nivå. Dette fører med seg at me utover 2019 vil sjå færre deltakarar i introduksjonsprogrammet, samstundes som tal flyktningar i 5-års perioden vil vera høgt også i 2019.

Vaksenopplæringa driv og opplæring av andre som har rett på opplæring, som personar gift med norske menn og kvinner, samt sal av tenester til andre kommunar.

Redusert busetting vil føre til nedgang i inntektene i 2019.

EM-tiltaket er godkjent som barneverninstusjon av BUF Etat, etter «lov om barneverntenester», og det vert stilt spesifikke krav til bemanning og kompetanse.

Brukarperspektiv

Integrering og vaksenopplæring har hatt fokus på å kunne tilby eit introduksjonsprogram på heiltid og fulltid. Integreringstenesta har dobla tal timar i kursrekka si, og køyrer no obligatoriske kurs mellom anna i økonomi, menneskerettar, system og forvaltning og likestilling. I tillegg tilbyr ein foreldrerettleiingskurs gjennom eit samarbeid med helsestasjonen.

Arbeidet med å tilby deltakarane relevant praksis har høg prioritet, og tenesta har inngått eit samarbeid med Vossakveik og Næringshagen på Voss for å få auka tal praksisplassar.

Vaksenopplæringa ser eit aukande tal med deltakarar som treng både grunnleggande og eksamensretta grunnskuleopplæring.

Alle ungdommane i EM-tiltaket er i dag elevar i grunnskulen eller på vidaregåande skule.

Kommunen har tett samarbeid med Voss Røde Kors om integreringsarbeidet. Eit resultat av dette samarbeidet, er at fleire flyktningar deltek i fritidsaktivitetar gjennom etablerte lag og organisasjonar i kommunen.

Medarbeidarperspektiv

Samordning av flyktningteneste, vaksenopplæring og tiltak for einslege mindreårige i eininga Integrering og vaksenopplæring har letta samarbeidet mellom dei tre tenestene.

Integreringstenesta har medarbeidarar med ulik bakgrunn og utdanning som utfyller kvarandre kollektivt. Siste året har fagleiarolla vorte tilbakeført til tenesta, noko som har gjeve tenesta høve til å arbeide tettare på dei faglege utfordringane som oppstår i kvardagen.

Ved EM-tiltaket er det 16 miljø-arbeidarar/terapeutar, 1 leiar og 50% merkantil. Det er høg

grunnbemanning med 2 personar på vakt døgnet rundt, grunna trong for tett oppfølging blant bebuarane. Personalgruppa har i 17/18 gjennomført eit kurs i «traumebevisst omsorg» arrangert av RVTS. Det vert arbeidd vidare med omlegging av EM-tiltaket med bakgrunn i låg busetjingstrong.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	34,3	37,2	38,5
Tal personar	38	41	39

Interne prosessar

På nyåret tek EM-tiltaket i bruk same sakshandsamingssystem som integreringstenesta og vaksenopplæringa (Visma flyktning og vaksenopplæring), noko som vil gjera det enklare å handtere journalar og vedtak. Med bakgrunn i lågt busetjing av mindreårige, vert det jobba med å sjå på omlegging av turnus og evt. overføring av ungdomar til hyblar i staden for institusjonsdrift.

Integrering og vaksenopplæring har planar om å gjennomføre ny brukarundersøking på nyåret. Som i 2015 vil dette skje i samarbeid med Gran og Lunner kommunar.

Vaksenopplæringa avslutta NORDPLUS-prosjektet i 2018. I 2019 skal det arbeidast med omlegging til modulbasert opplæring, samt morsmålsassisiert opplæring for dei med lågast grunnkompetanse frå heimlandet.

6.2.6 Barnevernsavdeling

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Barnevernsavdeling			
Sum utgifter	38 359 178	27 992 313	27 520 656
Sum inntekter	-6 835 085	-4 144 250	-4 144 250
Netto	31 524 093	23 848 063	23 376 406

Økonomi

Det er gjort vedtak om hjelpetiltak i heimen for 113 barn (2017: 110 barn). 15 av desse er over 18 år. Dette gjer at kostnadane i barnevern veks, da det må kjøpast inn dyre tenester relatert til dette.

Månadleg kommunal eigenandel for fosterheimsplasserte er kr 33.110. For over halvparten av dei fosterheimsplasserte er dette per dags dato den faktiske utgifta, for dei resterande er den noko lågare, men aldri lågare enn 14.700 kr.

Månadleg eigenandel for institusjonsplass er på 70.320 kr. Den faktiske månadlege kostnaden for dei 5 vi har på institusjon er altså då 351.600 kr.

Brukarperspektiv

Tenesta har ansvar for 44 barn/unge utanfor heimen. 8 av desse bur i EM-tiltak på Voss. 31 i fosterheim. 5 på institusjon.

Barneverntenesta har ikkje god nok oppfølging og evaluering av hjelpetiltaka som er sett i verk. For 46 av borna som får hjelpetiltak er det så langt i 2018 ikkje gjort tilfredsstillande evalueringar av tiltaka. Dette handlar etter leiar si vurdering om at vi har ein for knapp personalressurs.

Første halvår i 2018 gjennomførte barneverntenesta 47 undersøkingar. 39 av desse blei gjennomført innanfor den lovpålagte 3 mnd-fristen, 7 blei av ulike årsaker utvida til 6 mnd, 1 undersøking gjekk

over 6 mnd.

Medarbeidarperspektiv

Tolv sakshandsamarar er fordelt på fire som har ansvar for nye meldingar og undersøkingar, åtte har ansvar for å fylgje opp barn på hjelpetiltak og barn som er plassert i fosterheim eller institusjon.

Ny barnevernsleiar starta 1. februar i 2018. Vedkomande slutta i stillinga medio juli. Det er for tida konstituert leiar hos tenesta.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	12,5	15,26	22,77
Tal personar	14	18	18

10,5 årsverk sakshandsaming, der ein person i 50% stilling har tilrettelagt (kan ikkje gjere vanleg sakshandsaming). Så reellt tal sakshandsaming er pr dato 10,0 årsverk (men skal vere på 10,3).

I tillegg 1 merkantil og 1 leiar.

Interne prosessar

Barnevernet satsar på tidleg innsats og hjelpetiltak til barn, unge og deira føresette i heim og nærmiljø. Implementering av metoden "Signs of Safety" styrkar barneverntenesta sitt arbeid med å få fram familieane sine ressursar. Metoden har mellom anna fokus på å involvere nettverket til familien.

I tråd med ovannemnde vil tenesta framover ha meir fokus på å nytte tiltaket Familieråd frå Bufetat.

Barnevernet deltar i kommunen si satsing "Tidleg inn". Vi er med i fylkesmannen sitt nyoppretta Læringsnettverk for barneverntenestene i fylket.

Voss familiesenter er inneverande år trekt ut av barneverntenesta.

Det starta i haust ein ny person i den merkantile stillinga. Her har det vore utfordringar med tanke på kva oppgåve som tilhøyrar denne stillinga. Dette fører til at det tvingar seg fram endringar, noko som er ytterlegare utfordrande for personalressursen hos tenesta.

6.2.7 Helsesøsterteneste

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Helsesøsterteneste			
Sum utgifter	12 715 549	10 451 626	13 310 717
Sum inntekter	-3 260 330	-1 126 750	-1 126 750
Netto	9 455 219	9 324 876	12 183 967

Økonomi

Tenesta har i inneverande år motteke til saman 2.570.000 kr i statlege tilskot. 1.760.000 kr til styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta, dette inkludert 410.000 kr som vart overført frå 2017 til styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule. I tillegg har vi fått 400.000 kr til styrking av helsetenester for minoritetar og 410.000 kr til kommunepsykolog. Grunna langtidssjukemelding og utfordringar med rekruttering av kommunepsykolog og helsesøstre til vikariat og prosjektstillingar vil det ikkje være mogleg å få brukt alle midla i 2018. Dei 410.000 kr som vart overførte frå 2017 vil kommunen måtte betale tilbake, og delar av midla som ikkje er brukt til psykolog vil sannsynlegvis bli avskrivne på utbetaling i 2019, dersom ein vel å søkje om nye midlar. Ny kommunepsykolog vart tilsett i 100% stilling i august.

Tenesta har fått tilført 1.500.000 kr til styrking av faste nye stillingar i 2019 over kommunebudsjettet.

Brukarperspektiv

Tenesta har gjennomført "Tidleg inn" opplæring og er i ferd med å implementere nye statlege retningslinjer. Dette inneber meir systematisk tilnærming til vanskelege tema som rus, psykisk helse, vald og overgrep på eit tidleg stadiet i frå svangerskap og tidleg spedbarnstid til ungdomstid. Vi ynskjer:

- å arbeide meir førebyggjande ved å innføre utprøvde metodar som COS og ICDP som eit tilbod på helsestasjonen
- eit tettare samarbeid med barnehagar og å arbeide med tryggleik, integrering og god helsehjelp til minoritetsfamiliar
- styrking og auka tilstedeværing på skulane, inkludert samarbeid rundt helsefremjande arbeid og førebyggjande arbeid som fråvær og angstproblematikk

Med nyttilførte midlar til faste stillingar vil brukarane får eit betre planlagt og organisert tilbod som vil vere lettare å kvalitetssikre på lang sikt, og der ein ynskjer å komme inn på eit tidleg tidspunkt i barnet si utvikling.

Avslutte tilbod om reisevaksinering, eit ikkje lovpålagt tilbod som krev mykje ressursar.

Medarbeidarperspektiv

Tenesta veks, til saman 23 personar har eit tilsetjingsforhold til helsestasjon og skulehelsetenesta per 1.9.2018. Det vil bli aktuelt å sjå på intern organisering i tida som kjem.

Nye retningslinjer for helsestasjons- og skulehelseteneste vektlegg tidleg intervensjon og mellom anna at vi skal bistå med å avdekke vald og seksuelle overgrep, og arbeide med psykisk helse. Retningslinjene betyr at arbeidet involverer alle yrkesgrupper i tenesta.

Voss kommune har inngått avtale med KoRus Vest om å vera BTI-kommune (betre tverrfagleg samarbeid).

Ny kommunepsykolog er tilsett frå august 2018. Denne skal vere eit lågterskeltilbod for barn, unge og deira føresette, skal gi rettleiing til andre faggrupper, samt arbeide på systemnivå.

Arbeid med samorganisering med PPT og barneverntenesta er i gang, det same er arbeidet med samorganisering med helsestasjons og skulehelsetenesta i Granvin. I tillegg er medarbeidarane involvert i samlokalisering av nye felles lokalar i "Knutepunktet".

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	14,10	12	14
Tal personar	24	22	22

I tillegg til dei som er fast lønna kjøper tenesta 100% jordmorstilling frå Helse-Bergen, samt at kommunepsykolog er lønna 40% på prosjektmidlar.

Interne prosessar

Tenesta arbeider med elektroniske løysingar mellom Helse-Bergen; fødselsmeldingar, og tilvising/epikrisar og mellom fastlegar/spesialistar og helsestasjon/skulehelsetenesta. Dette vil redusere papirflyten og redusert skanning inn i journalar. Det vil også føre til raskare meldingar om fødselar. Vi ynskjer også å prøve ut elektronisk innkalling til standardkonsultasjonar i nær framtid.

6.3 Helse og omsorg

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Helse og omsorg			
Sum utgifter	442 900 751	447 417 902	459 418 833
Sum inntekter	-92 548 130	-90 167 902	-93 491 833
Netto	350 352 621	357 250 000	365 927 000

Økonomi

Budsjettforslaget er basert på tildelt ramme frå Økonomiplan 2019-22. Nasjonale føringar, gjeldande kommunal omsorgsplan og strategi for kommunalavdelinga har vore styrande for prioriteringane som er gjort i budsjettprosessen. Innan dagens ramme har avdelinga lagt opp til ein kvalitet på tenestene og pasienttryggleik som er i tråd med gjeldande forskrifter og lover. Helse og omsorg vil arbeida jamleg med forbetring av tenestetilbod og –standard, samt gi teneste på rett nivå i omsorgstrappa. Dette i tillegg til forbettringsprosessar på tvers av nivåa i omsorgskjeda, som har til formål å skape meir robuste og differensierte tenester. Slike prosessar er også viktige for å utvida handlingsrom, som gjer at avdelinga kan prioritere nye tenester, tilbod, rekrutteringstiltak og tiltak for å auke kompetansen.

Kommunalavdelinga har måtte legge inn noko nedtrekk i årsverk på sjukeheimane for å få eit budsjett i balanse. Avdelinga vil å jobbe med innarbeide dette i budsjettprosessen.

Brukarperspektiv

Framtidige utfordringar er blant anna knytt til nye og fleire brukarar og knappheit på kvalifiserte omsorgsytarar. I tillegg må ein ta på alvor utfordringane med samhandlingsreforma og innsatsen mot born og unge.

For å møte utfordringane må det satsast meir på førebygging og tenesteutvikling med endra fokus frå pleie til aktiv omsorg. Ein vil også jobba med vidareutvikling av korttidstilbod i fleire avdelingar og flytta ressursar frå institusjon til heimeteneste. Ein vil auka omfanget av vekselplassar for å gjere det mogeleg for eldre å bu lenger i sin eigen heim. I tillegg er det i tråd med økonomiplan tildelt midlar for å jobba med utvikling av dagtilbodet for ulike brukargrupper i kommunen.

Avdelinga vil prøve ut ein tildelingsmodell der tenesteutøvar er meir delaktig i kartlegging av behov, utforming av vedtaksomfang og revurdering. Målet vert å gi rett teneste til rett person til rett tid.

Medarbeidarperspektiv

For å få engasjerte tilsette er det viktig å utvikla attraktive arbeidsplassar der ein legg til rette for kompetanseutvikling og fagleg fellesskap på tvers av profesjonar og nivå. Dette vert viktig saman med kontinuerleg haldningsarbeid. Vidare vil ein jobbe med å styrke rekruttering til fagstillingar i både heimetenesta og institusjon. Dette vert spesielt viktig med tanke på knappheit på ressursar i bransjen, og nye og komplekse oppgåver til kommunane. Auka omfang av årsturnus kan også betre rekrutteringsvilkår og attraktivitet. Kommunen har no både kreftkoordinator og demenskoordinator, med koordinerande rolle mellom pasientar, pårørande, fastlegar og andre i helsetenesta.

Avdelinga vektlegg at det - spesielt med tanke på førebygging, effektivisering og kompetanseutvikling - er viktig å sikra ein best mogleg bruk av ressursar og kompetanse på tvers av avdelingar og områder. Dette skal me lukkast med ved god planlegging og organisering, dokumentasjon, informasjon og dialog.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	458,1	454,35	448,46
Tal personar	718 (inkl.vakante)	605	576

Interne prosessar

Fokusområde i 2019 vil bl.a. vera:

- Setje i verk strategi 2025 –«Morgendagens omsorg i mine og dine hender»
- Utvikle Kvalitetshuset, eit styringssystem for å betre kvalitet og pasienttryggleik
- Arbeid med kommunesamanslåing med Granvin
- Organisering av tenesteytinga og arbeidsflyten med utgangspunkt i brukarane sine behov, og ikkje dei fastsette strukturnammene
- Fortsetja arbeidet med bevisstgjerung på alle nivå i organisasjonen knytt til økonomi- og ressursstyring
- Bruk av velferdsteknologi som naudsynt verktøy i tenesteytinga, og som kan bidra til auka kapasitet samt gjera det mogleg for brukarane til å ha eit meir sjølvstendig liv
- Styrke bruken av frivillige ressursar gjennom betre organisering og auka rekruttering

Ulike forbettringsprosjekt som del av verksemdsplan, t.d. kvalitet i sjukeheim, kompetanseheving innan ernæring, organisering av dagtilbod m.m.

6.3.1 Helse og omsorg stab

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Helse og omsorg stab			
Sum utgifter	17 782 606	18 105 437	18 490 082
Sum inntekter	-2 569 422	-1 928 000	-1 348 000
Netto	15 213 184	16 177 437	17 142 082

Økonomi

Staben skal arbeide kontinuerleg med å gje støttefunksjonar til områdeleiarar, kommunalsjef og andre i kommunalavdelinga. I 2019 vil ein arbeide vidare med å utvikla økonomisk ansvar på alle nivå, sikra eit velfungerande internkontrollsystem, forbetre arbeidsprosessar som bidrar til å utvida det økonomiske handlingsrommet og auka kvalitet innan eksisterande rammer.

Staben vil ha ei aktiv rolle i å etablera og implementera planar som følgje av overordna strategi mot 2025 og prosjekt i verksemdplanen. Ein vil jobba med planar, kost-nyttevurderingar og analysearbeid for å setta fokus på dei viktige endringar i våre omgjevnader. I tillegg vil ein arbeida målretta med utvikling og tilpassing. For å lukkast med endringa vil ein vektlegge relevant kompetanse som mogeleggjjer denne omstillinga.

Brukarperspektiv

Stabsfunksjonen vil i 2019 arbeide vidare med å forbetra informasjon til ulike interessentar, bidra til ei meir profesjonell kommunalavdeling og jamleg forbetring av system og prosessar. Tenesteutvikling må skje i takt med endra behov og nye brukargrupper. Vidareføre kvalitetsforbettringsarbeid vert vurdert som naudsynt for å levera gode tenester og sikra

pasienttryggleik. Avdelinga vil jobbe for å setje kvalitetsarbeidet i system i eit eige verktøy. For å skape ei heilskapleg tilnærming til desse prosessane vert dette arbeidet koordinert frå utnemnde personar i staben.

Staben nyttar også ein del ressursar på sekretærfunksjonar for politiske råd, arbeidsgrupper og samarbeidsfora.

Medarbeidarperspektiv

For å møte utfordringar i framtida må staben arbeide aktivt for å finna gode tilbod og løysingar.

Staben vil bidra med fasilitering og lik tilnærming i høve ulike prosessar. Ved samansetning av prosjektgrupper vert det vektlagt å leggja grunnlag for å sikre forankring og framtidig bruk av viktig kompetanse på tvers av områda.

Ein del av kompetansemidlane er fordelt ut på områda, medan ein del er budsjettert på stabsavdelinga, som skal dekkje utgifter til opplæring og organisering av pårørande og frivillige, og kompetanseheving på utvalde satsingsområde. Dette medan ein ventar på at kompetansestrategi for kommunalavdelinga skal ferdigstillast.

Personalrådgjevar vil også jobba ein del med innføring av årsturnus der det er aktuelt, og for å fremja rekruttering av fagpersonar til ulike stillingar.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	11,0	10,9	9,9
Tal personar	15	13	13

Interne prosessar

Staben vil vera nøydt til å jobba målbevisst mot å få eit meir strategisk og langsiktig fokus. Dette vil gi vinstar som betre tenestetilbod total sett. Staben må også jobba aktivt med å finne forbedringstiltak og mogelegheiter for å auka det økonomiske handlingsrom og sikra effektiv bruk av ressursar.

Viktige utviklingsarbeid i 2019 vil vera utgreiing av arbeid med kommunesamanslåing, utgreiing av kommunalt kjøkken, planlegging av omsorgsbustader på Vettleflaten/Udlabutomta og utvikling av kvalitetstyringssystem. Staben vil vera sentral i ulike arbeidsgrupper som skal jobba med eit framtidretta arbeid for å bygga Voss herad.

Staben vil også jobba med å ta i bruk velferdsteknologi og gode løysingar for dei ulike einingane og tenesta i kommunalavdelinga. Kommunalavdelinga må vidare jobba med samordning og vidareutvikling for å auka utnyttingsgraden av systema ein har i dag.

6.3.2 Avd. for førebygging og rehabilitering

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Førebygging og rehabilitering			
Sum utgifter	76 005 172	74 449 189	77 231 303
Sum inntekter	-24 894 749	-23 897 163	-26 446 163
Netto	51 110 423	50 552 026	50 785 140

Økonomi

Me vil ha fokus på god økonomisk styring og effektive arbeidsprosessar innad i avdelinga, men også ut mot andre tenestemråde i kommunen.

Aldersheimsplassar vil gjerast om til vekselplassar for å styrke tilbodet til heimebuande. Dette i tråd med kommunens strategi om å flytte fokus fram i tenesteforløpet. Omlegginga vil gi økonomiske konsekvensar med mindre inntekter, og eit sannsynleg behov for styrka bemanning på sikt.

Det er tilsett ein ny ergoterapeut i 25% stilling. Ergoterapeuten har sitt hovudvirke i Granvin med 75% stilling der. Avdelinga vil fortsetje prioritering av ressursar til kvardagsrehabilitering. Avdelinga jobbar også med å sjå på moglegheiter for innkrevjing av eigenandel på fysioterapitenester

Det er behov for å prioritere ressursar på utskifting av inventar og utsyr på Hagahaugen i 2019.

For å halde budsjetttramma vil det vera viktig å sikre stabilitet i legetenesta med styring av både kommunelegekontor og legevakt.

Brukarperspektiv

Plan for habilitering- og rehabilitering og strategidokument for helse og omsorg, vil vera retningsgivande for arbeidet framover. Friskus er ein viktig samarbeidspartnar og alle avdelingar må ha fokus på korleis dei kan nytte frivillige inn i arbeidet med brukarane.

Voss kommune vil også i 2019 ha eit interkommunalt samarbeid med Granvin om dekning av legetenester, både fastlege og kommuneoverlege.

I tråd med kommunen sin strategi om å flytte fokus frå reperasjon til førebygging, ynskjer me å rette fokuset ytterlegare på kvardagsrehabilitering i alle tenesteledd.

Alle tilboda våre vurderast fortløpande i kommunesamanslåingsprosessen, for å sjå moglegheiter for den nye kommunen. I rehabiliteringsavdelinga vil ein ha fokus på å sikre riktige brukarar i rehabiliteringssengene, for å kunne ta ut god effekt av rehabiliteringsopphalda. Tryggsengene må kontinuerleg vurderast opp mot behovet i kommunen, og det vil kunne verte aktuelt å omdefinere desse for å dekke behov.

Medarbeidarperspektiv

Avdelinga vil i 2019 ha fokus på nærverarsfaktorar i arbeidsmiljøet. Ein håpar å få auka fokus på HMS-arbeid i alle avdelingar og saman skape gode system for internkontroll og ein god arbeidsplass.

Avdelinga vil i tillegg ha fokus på korleis ein kan organisera seg for å lette arbeidstyngda for tilsette, innanfor budsjetttramma. For pleieavdelingane vil årsturnus kunne bidra til å planlegge bemanninga betre gjennom heile året. Døgnrytme- og bemanningsplanar i avdelingane må oppdaterast kvart år ut i frå behov, saman med tilsette og tillitsvalde.

Det vil lagast kompetanseplanar i avdelingane, og identifisere kva kunnskapsområde det må setjast fokus på for å handtere utfordringar og behov framover. Det vil verte sett av faste fagdagar i turnus, for å sikre styrking i kompetanse hos tilsette i fagstillingar.

Kompetanseheving blant legar og sjukepleiarar i akuttmedisinforskrifta vil vera i fokus i 2019. I tillegg vil det gjennomførast samtrening med andre aktørar og lokal legevaktskonferanse.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	39,01		
Tal personar	66		

Interne prosessar

Det er mange pågåande prosjekt og prosessar i helse og omsorg, som har innverknad på avdelingane i større og mindre grad. Dagtilbodet i kommunen vart kartlagt hausten 2018/vinter 2019. Det er naudsynt å sjå på korleis me kan innrette oss for å kunne tilby gode tenester til heimebuande. Dagtilbodet ved Hagahaugen vil kunne måtte gjere justeringar for drift i 2019 og utvide tilbodet for å dekke innbyggjarane sine behov.

Ein ser på fordeling av fysioterapiressursar i ergo- og fysioterapiavdelinga for å kunne nytte ressursar meir fleksibelt inn mot kvardagsrehabilitering.

Alle prosessar og måten avdelinga er organisert på, vert vurdert i lys av kommunesamanslåinga. Blant anna er det gjort grundige analysar og vurderingar i gruppene som arbeidar med kommunesamanslåinga.

Den interkommunale legevakta vert evaluert haust 2018. Dette kan føra til noko endringar i struktur og innhald i tenesta.

6.3.3 Tildelingskontoret

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Tildelingskontoret			
Sum utgifter	5 569 650	5 416 511	5 609 391
Sum inntekter	-556 556	-164 500	-60 500
Netto	5 013 094	5 252 011	5 548 891

Økonomi

Tildelingskontoret har fokus på å betre samarbeidet med dei ulike utførarledda i helse- og omsorg og spesialisthelsetenesta. På denne måten vil brukarane få tilpassa og riktig tenestetilbod, samtidig som ein reduserer økonomisk belastning med betalingspliktige døgn for utskrivingsklare. Best mogeleg pasientflyt er eit naudsynt verkemiddel for å yta gode tenester til alle brukargrupper. Dette er også med på å gi rom for at fleire kan få tilgang på våre tenester.

Fleire ressurskrevjande brukarar fører til auka utgifter både med brukarstyrt personleg assistanse og omsorgsstønad.

Også i 2019 er det sett av budsjettmidlar disponibelt til å handtere akutte situasjonar som kan nyttast av heimetenesta/korttidsavdelinga for å styrka utførarledda i korte periodar. Slik kan kommunalavdelinga klare å ta i mot etterspurnad frå utskrivingsklare frå spesialisthelsetenesta. Ein føresetnad for ei slik fordeling er at utgiftene til betalingspliktige døgn vert lågare enn budsjettsummen.

Brukarperspektiv

Med utgangspunkt i dette er det viktig å ha kontinuerleg dialog med brukarane om behov, meistringsevne og mogeleg samarbeid med pårørande. Fokus på det friske i mennesket er sentralt i vurdering og tildeling av tenester. Denne informasjonen saman med heimebesøk, innhenting av andre opplysingar og bruk av dei styrande tildelingskriteriene vil vera med på å sikra best mogeleg individuell, tverrfagleg og rettferdig handsaming av søknaden og tildeling av tenester.

Auka søknadsmasse viser at det er auka etterspurnad etter tenester innan helse og omsorg. Dette er ein konsekvens av større brukargrupper saman med aukande forventingar frå brukarar og pårørande om offentleg hjelp.

For å nå målsettinga er det viktig at alle vedtak er tidsavgrensa og blir kontinuerleg vurdert i omfang og type tildelt teneste. For å forvalta knappe ressursar på ein god måte er det viktig med vedtak som samsvarar med noverande hjelpebehov og førebygger auke i behov.

Medarbeidarperspektiv

Tildelingskontoret har i dag 4,8 årsverk, fordelt på leiar, sakshandsamarar og merkantil. Sakshandsamar i 80% har i tillegg 20% stilling relatert til makt og tvang. Tildelingskontoret har også demenskoordinator knytt til kontoret.

Tildelingskontoret har eit godt og sterkt tverrfagleg team med vidareutdanna sjuke- og vernepleiar. Høg kompetanse på mange ulike felt er viktig i vidare utvikling, slik at ein kan handtere utfordringar i framtida.

Medarbeidarane vil på grunn av si sentrale rolle i tildeling, delta i ulike forbetningsprosessar i kommunalavdelinga også i 2019. Mellom anna i prosjekt knytt til dagopphald, prosjekt for tildeling av heimetenester i område aust, samt i prosjektgruppe inn mot ny kommune.

Tildelingskontoret har ansvaret for koordinerande eining, og driv kontinuerleg opplæring av koordinatorar. Voss kommune starta med elektronisk IP i 2017, og opplæring i bruk av elektronisk IP vert gjort kontinuerleg.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	5,0	5,5	4,3
Tal personar	6	7	6

Interne prosessar

Ein vil fortsetje arbeidet med å effektivisera sakshandsaminga, betra struktur og arbeidsflyt samt å ta aktivt i bruk tildelingskriteriene i alle ledd. Suksessfaktor for riktig tildeling av tenester er godt samarbeid på tvers av avdelingar og gode rutinar.

Innføring av plassadministrasjon i Gericca gjer at oversikt og planlegging av institusjonsplassar vert meir effektivt og tidsbesparande. Dette til fordel både for tildelingskontoret og utførarledda.

Strategi mot 2025 samt endra og meir komplekse utfordringar, gjer det naudsynt å jamleg revidere tildelingskriteria og omsorgstrappa.

Fleire måleindikatorar både med tanke på saksbehandling, vedtak, utskrivingsklare o.l. skal takast i bruk. Dette er viktige styringsreiskap internt og eksternt.

Det er i 2018 teke i bruk elektronisk utsending av vedtak, SvarUt via journalsystemet. Dette vil halde fram i 2019.

6.3.4 Område vest

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Område vest			
Sum utgifter	114 918 213	113 956 884	114 630 248
Sum inntekter	-23 589 152	-22 486 000	-22 552 000
Netto	91 329 061	91 470 884	92 078 248

Økonomi

Område Vest (OV) opplev auka etterspurnad etter tenester og søker å tilpassa drifta etter dette kontinuerleg. Dagtilbodet vil utvidast i 2019.

Sommaren 2018 genererte høge lønsutgifter. For å hindre gjentakning vil avdelinga vurdere sommarstenging av dag- og utgreiingsavdeling i 2019. Det er også ynskjeleg å redusere forsterka skjerma gruppe frå 5 til 4 plassar i same tidsrom.

Planlegginga av noverande årsturnus har ikkje vore optimal. Avdelinga er alt i gang med grunnarbeidet for neste årsturnusperiode. Avdelinga har evaluert fjorårets prosess, og dette tar dei tilsette lærdom av. Dette gjeld særskilt sjukepleiarkompetansen, her vil ei jamnare fordeling redusera meirarbeid og innleige.

Bruk av meirarbeid og innleige må sjåast på i samanheng med rekrutteringsvanskar. Her må ein gjere strategiske og operative tiltak.

Sjukefråværet er høgt. Leiarane skal evaluera måten det vert arbeidd med når det gjeld førebygging og oppfylging av fråvær.

Brukarperspektiv

Målet er at brukarane skal ha ei oppleving av at tilbodet dei mottek er av rett type og mengd. Brukar- og pårørandeperspektivet heng i hop, då mange av brukarane er avhengige av pårørande grunna demens og/eller langtkomen somatisk sjukdom. Avdelinga ser på pårørande som svært viktige samarbeidspartnarar. FRISKUS vil vere vår hovudkanal ut til pårørande, samt at FRISKUS skal nyttast som eit verktøy for å knytte til oss fleire frivillige.

Ulike tema i pasienttryggleikskampanjen vil fortsetje i 2019. Nye tema vert introdusert når andre er implementert. Tavlemøter, pasientsikkerheitsvisitt og i "pasientens fotspor" vert vidareført. Avdelinga vil ha høgt fokus på forbetningsarbeid.

Kvalitetsreforma "Leve hele livet" skal gjerast kjend for tilsette i område Vest. Det same skal Tildelingskriteria.

Avdelinga vil etablere ein egen velferdskomite for brukarane, og brukarråd skal gjennomførast jammleg.

I heimetenesta skal ernæringsretningslinje lagast og implementerast for å betre kvalitet.

Medarbeidarperspektiv

Gjennom personalmøte og individuelle samtalar vil ein forsøka å skapa ei større forståing for rammene rundt drifta og på den måte forbetra samarbeidet internt i den enkelte avdeling og mellom avdelingane.

Avdelinga skal ha tett oppfylging av sjukefråvær og ha spesielt fokus på tilrettelegging for å redusere fråvær. Leiarane skal gjennomføra medarbeidarsamtalar med alle årleg, slik at ein sikrar at også dei i små stillingar får den utviklinga som er viktig for deira trivsel og bevisstheit på faglegheit

og kvalitet. Ein vil også få ei betre oversikt over eksisterande kompetanse.

Fagdagar vil vere definert i årsturnus i eit samarbeid med dei andre i helse og omsorg. Her er ein ypparleg arena for å gje felles informasjon og opplæring.

Velferdskomiteen fortset sitt arbeid for å gje eit variert tilbod for alle tilsette. I eit større perspektiv kan det vere ein medverkande årsak for å behalda kompetente medarbeidarar og rekruttera nye.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	132,92	137,39	134,75
Tal personar	204	170 + 41 vakante	154

Interne prosessar

Område Vest vil arbeida aktivt for å auka bruken av ØH-sengene.

OV vil gå gjennom måten leiarane arbeidar med førebygging og oppfylging av sjukefråvær. Det er ynskjeleg med eit tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod.

Rekruttering er ei utfordring, særskild gjeld dette sjukepleiarar. Det må lagast ein rekrutteringsstrategi for å betre dette.

Nytt kvalitetsstyringssystem skal implementerast og vil verte ein viktig rettleiar i drifta. Område vest vil vera ein pådrivar i det vidare utviklingsarbeidet.

Forskningsprosjektet "Eldre og Rus" skal gjennomførast med kartlegging av vanar, og arbeid for å førebygge rusmisbruk.

I heimetenesta skal rutinar gjerast skriftlege, ein vil bruke primær- og sekundærkontakar og gjere ernæringskartlegging og følgje opp dette. Ein vil også ha høgt fokus på revurdering av vedtak, slik at rett teneste vert gitt.

Avdelinga vil fortsetje med fokus på RASK (Riktigare Antibiotikabruk for Sykehjem i Kommunene), for å redusere antibiotikabruken.

6.3.5 Område aust

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Område aust			
Sum utgifter	82 753 158	84 781 319	86 150 609
Sum inntekter	-17 166 808	-16 968 500	-17 838 473
Netto	65 586 350	67 812 819	68 312 136

Økonomi

Fokus i 2019 vert auke av sjukepleiekompetanse og -dekning i heimetenesta og i institusjon. For å tilby tenester av god kvalitet må ein ha rett kompetanse til rett tid. Sjukepleiarmangel gjer drifta sårbar. Ein vil difor rekruttere gjennom heile året for å dekkje behovet. Ein vil difor vurdere omgjering av hjelpepleiarstillingar. Styrka kompetanse i heimetenesta kan bidra til at fleire kan bu lenger i eigen heim, og sjuke kan kome rett frå sjukehus til heimen. Ein vil nytte banktimar for å rekruttere fleire i større stillingar.

Oppgradering av IT-utstyr må gjerast kontinuerleg for å sikre effektiv drift og kommunikasjon. Ein treng utvida bruk av plattform for velferdsteknologi. Dette kan gjere kvardagen til bebuarar betre og

tryggare, spesielt for demensavdelinga.

Bygningsmassen bør utbetrast både inne og ute, og ein må prioritere utskifting av elektrisk utstyr som kvitevarer. Det vil no kome serviceavtale på medisinsk teknisk utstyr med årlege utgifter.

Brukarperspektiv

Avdelinga vil gjennomføre ein pilot i heimetenesta for å betre tildeling av tenester. Heimetenesta og tildelingskontoret vil samarbeide tettare for å gjere tydlegare kartlegging og vurdering av behov for tenester, samt betre revurdering og avslutting av tenester. Ein ynskjer også å nytte nokre senger i langtidsavdelinga fleksibelt til korttidsplassar. Desse kan nyttast når brukarar i piloten har behov for eit opphald i institusjon for å førebygge behov for meir omfattande tenester.

Det vert endå meir fokus på å ta i bruk velferdsteknologi for å gjere folk så sjølvhjelpne som råd.

Det vert laga døgnrytme- og aktivitetsplan i alle avdelingar med brukar i fokus, slik at ein får riktig bemanning ut i frå brukar sine behov. Avdelinga opplev at fleire har kognitiv svikt med større helseutfordringar. Det bør vurderast omlegging av demenstilbodet i kommunen med mindre bugrupper og heilskapelege tilbod.

Medarbeidarperspektiv

Avdelinga vil ha fokus på kompetanseheving med følgjande satsingsområde:

- demensomsorg både i institusjon og i heimetenestene, med gjennomføring av opplæringsprogrammet «Demensomsorgens ABC» for ei større personalgruppe. Dette starta i 2017, og startar no perm 2 som går inn i 2019.
- læringsnettverk i ABC modellen «Mitt livs ABC», som er ei heilskapeleg læringspakke for alle yrkesgrupper i tenesteyting til personar med utviklingshemming.
- felles fagdagar for kompetanseheving og utvikling innan ulike tema, 2 dagar for alle tilsette med stillingsstorleik på over 60%, fordelt på vår og haust.

Avdelinga vil også ha fokus på å redusere avvik og fremje kvalitet i tenestene.

Bilparken bør rustast opp for å kunne komme seg fram til brukarane, og ha trygg reiseveg for tilsette. Det har ikkje vore mogeleg å skifte ut eldre bilar i ønska grad med den tildelte budsjettamma.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	98,90	99,36	98,55
Tal personar	148	137 + 26 vakante	135

Interne prosessar

Vetleflaten har mange tilsette i store stillingar. Avdelinga vil likevel arbeide kontinuerleg med oppauke av stilling for dei som ynskjer dette. Ein vil sjå på dette i samband med årsturnus, som no vert laga for andre gang.

Avdelingane vil arbeide mykje med å betre dokumentasjon og nytte tiltaksplanar i Gericar.

Sjukepleiarane vil verte nytta meir fleksibelt mellom avdelingar. Dette for å løfte fokus på sjukepleiefaglege oppgåver, og gje betre oppgåvefordeling til andre faggrupper. Sjukepleiarane i større stillingar vil i 2.etg ha rullerande veker på topp i etasjen med dagvakter som ansvarleg sjukepleiar. Her vil oppgåver verte tildelt, for å kunne styrke kvalitet og utarbeide betre rutinar. Dei vil måtte jobbe meir seinvakter dei resterande vekene. Dette vert til utprøving i årsturnus 2019-20.

Avdelinga vil vurdere om det er behov for å endre organisering av heimetenesta. Ein vil greie ut om det skal lagast primærgrupper og dele ansvaret utover på ein betre måte.

6.3.6 Område nord

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Område nord			
Sum utgifter	26 635 627	27 912 390	27 979 130
Sum inntekter	-4 728 045	-5 444 500	-5 490 500
Netto	21 907 582	22 467 890	22 488 630

Økonomi

Område nord vil i 2019 fokusera på god økonomistyring og -kontroll. Dette skal gjerast gjennom jamleg oppfølging av månadsrapportar og nøye vurderingar i høve innkjøp, vikarbruk og andre utgifter. Det må heile tida prioriterast korleis ein skal nytta dei økonomiske midlane ein har. Avdelinga ynskjer å auke opp dagaktivitetstilbodet i 2019. Dette er eit attraktivt tilbod, men å organisera transport er ein av dei økonomiske utfordringane ein står overfor for å få dette til. Dette er eit viktig tilbod i høve førebygging og for at ein skal få bu lengst mogeleg heime. Institusjonen er 14 år gamal så me ser ein del slitasje på inventar og utstyr, spesielt elektriske varer, så her vil det koma ein del større utgifter i framtida.

Brukarperspektiv

Område nord satsar på god kvalitet og kontinuitet i arbeidet. Me erfarer stadig at brukarane i heimetenestene kjem frå sjukehus med store og til dels kompliserte hjelpebehov. Dette stiller krav til oss. Måla våre for brukarane, både i institusjon og heimetenestene, er å så godt som mogleg oppretthalde og gjerne betra funksjonsnivå, samt skapa tryggleik og trivsel. Me vil skapa aktivitet på institusjonen med konsertar, dagtilbod, faste songstunder, speletid, sosiale samkomer og turar ute i høve årstida. I 2018 starta avdelinga samarbeid med Vossestrand barne – og ungdomsskule med valfaget «Innsats for andre». Ei gruppe av ungdomsskuleelevar kjem til omsorgssenteret annakvar torsdag for å bidra til aktivitet og trivsel saman med våre bebuarar og dagpasientar. Dette gler me oss til og det vert eit spanande prosjekt framover i 2019.

Medarbeidarperspektiv

Mange av dei tilsette syns det er kjekt å gå i turnus som omfattar både heime- og institusjonsdrift. Det er svært nyttig både for kompetansen og for drifta å kunne nytte personale på tvers av heimeteneste og institusjon. Internundervisning og fagdagar i turnus er også viktige komponentar for å ha høg fagleg standard. I tillegg satsar me på sosiale samkomer på fritida slik at personale har eit ekstra godt samarbeid med kvarandre. Overgang til årsturnus har vore positiv og dette ynskjer me å fortsetja med.

Avdelinga vil også vurdere strukturendringar for ein meir effektiv arbeidskvardag som gjev både brukarane og dei tilsette eit betre tilbod og god kvalitet. Avdelinga har lukkast med å rekruttere fleire sjukepleiarar til vårt område, noko som verkar positivt på kvalitet og arbeidsmiljø.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	31,65	33,67	33,66
Tal personar	50	49 + 9 vakante	49

Interne prosessar

Ein brukar skal få rett hjelp til rett tid og få bu heime så lenge som mogeleg og så lenge det er

forsvarleg. For at dette skal realiserast må heile helse og omsorg tenke nytt i korleis tenester vert utøvd. Omsorgstrappa og tildelingskriteriene for Voss kommune er viktige arbeidsreiskap for å gje rette tenester. Det er viktig å spele på lag med frivillige organisasjonar, som me har mange av i kommunen, og som gjer ein framifrå jobb mange stader. Me har tatt i bruk velferdsteknologi med nytt alarmsystem og arbeidar no med å implementera journalsystem via mobiltelefon på institusjonen. Dette vil gi moglegheiter for effektive arbeidsprosessar og heva kvalitet. Dette kjem i tillegg til medmenneskeleg kontakt og god omsorg.

6.3.7 NAV

Driftsrapport lokal


Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
NAV			
Sum utgifter	24 491 657	26 509 507	26 686 950
Sum inntekter	-811 958	-953 031	-1 653 031
Netto	23 679 699	25 556 476	25 033 919

Økonomi

I første halvår av 2018 har NAV Voss lukkast med å redusere utbetalinga av sosialhjelp i høve til budsjett. Utvikling og vår kunnskap om nokre brukarar, særleg flyktningar og dei med sær kompliserte og samansette utfordringar, tilseier at bemanninga ved kontoret må oppretthaldast i 2019. Statistisk sett har til dømes rundt 30% av flyktningane etter avbrote eller avslutta Introduksjonsprogram behov for stønad frå NAV. Voss kommune må likevel redusera utgiftene framover, og NAV Voss må redusera budsjettet for 2019 betydeleg i høve budsjett 2018 jf. økonomiplan 2019-2022. Utgifter til støtte til hushald, livsopphald, straum, barnehage/SFO og tannlege må difor reduserast. For å få dette til må me leggja til rette for at dei tilsette kan gjera rettleiinga i større grad arbeidsretta. Slik kan arbeidsinntektene til desse brukarane aukast. Kontoret vil i 2019 aktivt søkja etter effektive metodar åleine og saman med andre aktørar for å lukkast med å redusera utgiftene til sosialhjelp.

Brukarperspektiv

1200 innbyggjarar i Voss kommune får tenester frå NAV sitt kontor i Utrågata. (Ca-tal hausten 2018)



Hovudsatsinga er å få folk frå passive ytingar over til aktivitet som skule og arbeid. I 2018 har me sett ein auke i tal personar under 30 år som har sosialhjelp som hovudinntekt. Ei anna gruppe er flyktningar som vil ha behov for tiltak slik at dei kan bli godt integrert og bidra positivt i lokalsamfunnet. Me vil også oppretthalde nivået på omlag 15 personar i kvalifiseringsprogrammet.

Ventetida for å få gjeldsrådgeving vart i 2018 redusert frå 8 til 2 veker. Behovet for slik bistand er

aukande og me vil søkja å oppretthalda god sørvis for desse brukarane. Å finna eigna husvære til familiar med fleire born, dei som har behov for bustad i helger og høgtider er spesielt krevjande. Etterspurnaden etter kommunale bustader er stor. NAV og fleire kommunale einingar jobbar saman om ein bustadsosial handlingsplan.

Medarbeidarperspektiv

NAV vil i 2019 vidareføre kanalstrategien som og omfattar digitalisering av kommunikasjon mellom NAV og brukarane. I 2019 planlegg me å ta i bruk digital søknad om sosialhjelp og opne for at og desse brukarane kan få digitalt innsyn i eigen sak. For våre medarbeidarar fører dette til frigjort tid til fleire planlagde samtaler med brukarane, som da også blir betre. Arbeidet med å innføra ny teknologi set og krav til at våre tilsette i aukande grad må endra arbeidsmåtar og sjølv læra å nytta den nye teknologien. Tett og tillitsfullt samarbeid mellom tillitsvalde, verneombod og leing er viktig for at kontoret skal kunne vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	11,95	11,20	11,20
Tal personar	13	12	12

Interne prosessar

NAV jobbar mot større og meir myndige NAV kontor. NAV Voss vil i 2019 ta del i planlegging av kommunesamanslåinga med Granvin og avgjere korleis me skal organisera oss for å kunne gje best mogeleg tenester til innbyggjarane i det nye heradet. NAV er oppteken av effektiv arealbruk og tryggleik for tilsette og brukarar. NAV vurderer å flytta til nybygg ved Knutepunktet. Me er no i ein prosess der me ser på ulike måtar å nytta areal i eventuelle framtidige lokale.

I 2018 har me internt på NAV Voss starta ei utgreiing for å sikra føremålstenleg oppgåve- og arbeidsfordeling i kontoret. Dette arbeidet vil halda fram i 2019.

Det er avgjort at NAV Hordaland og NAV Sogn og Fjordane skal slåast saman til NAV Vestland frå 01.01.2019. NAV Vestland vil organiserast med 9 regionar. NAV Voss blir ein del av Region Voss Hardanger med til saman 9 NAV-kontor. Det vil i 2019 bli satt i gang eit arbeid med å utforma framtidig tenesteinnhald og struktur i Regionen.

6.3.8 Avd for menneske med nedsett funksjonsevne

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Avd for menneske med nedsett funksjonsevne			
Sum utgifter	75 440 121	76 802 917	82 575 170
Sum inntekter	-15 102 737	-15 679 200	-15 661 000
Netto	60 337 384	61 123 717	66 914 170

Økonomi

Avdelinga legg vekt på godt miljøarbeid for å gi brukarane dei beste mogelegheitene til eit sjølvstendig og trygt liv. Avdelinga opplev å få fleire brukarar og behovet til kvar brukar aukar med alder. Ein ser og at dei heilt yngste har svært omfattande hjelpebehov, blant anna flyktningar. Dette krev mykje ressursar, logistikk, opplæring og samarbeid med andre. Leiaroppgåvene er omfattande og behovet for meir tid til leing er høgt prioritert.

12 omsorgsbustader skal stå ferdig på Lundhaugen hausten 2019. Dette vil betre butilbodet for brukargruppa og arbeidsmiljøet for tilsette. Flyttinga vil krevje ekstra ressursar, både i flytteprosessen og etablering av nye rutinar og prosedyrar. Bygginga av bustadene dekkjer ikkje det totale behovet i kommunen. Det må arbeidast vidare med å auka kapasiteten.

Avlastning og dagtilbod er begge førebyggjande tenester som gjer at brukar kan bu lengre heime og gi pårørande avlastning. Dette tilbodet vil styrkast noko i 2019.

Brukarperspektiv

Bruk av velferdsteknologi vil ha fokus også i 2019. Tenesteytar og brukar har behov for opplæring og det er behov for utvikling av utstyr slik at det vert brukarvenleg.

Avdelinga vil fortsetje fokuset på rett ernæring, verdien av fysisk aktivitet og på å redusere avvik som del av pasienttryggleiken. Dette vil kunne auke kvalitet for brukar.

Etterspurnaden etter dagtilbod aukar. Nyhagen aktivitetssenter har delt gruppa for å gi plass til alle samt eit meir tilrettelagt tilbod. Avdelinga har tatt i bruk endå eit lokale og tilbyr andre tenester for å dekke behovet. Det er utfordrande å finna tilrettelagt arbeid for ungdom, så behovet for dagtilbod eller andre oppgåver er venta å auke.

Etterspurnad etter avlastning er også stor. Fem brukarar har hatt ein betydeleg auke i sine vedtak og det er meldt fleire behov som ikkje er avklart enno. Dette vert krevjande å få til.

Medarbeidarperspektiv

Det er utfordrande å rekruttera rett kompetanse. Me oppmodar difor, og legg til rette for kompetanseheving for alle tilsette og at ufaglærte kan ta fagutdanning. Med fleire tvangsvedtak, meir aldersrelaterte sjukdomar og barn med store hjelpebehov er det behov for tilsette med høg kompetanse.

Det fyrste kurset i ernæring og helse, tilrettelagt for utviklingshemma startar hausten -18. Alle avdelingane har no ernæringskontaktar med kompetanse og fokus på å betre ernæring hjå brukarar. Arbeidet og kurs vil halde fram i 2019.

Arbeidet med sjukefråvær krev mykje av leiar, både oppfylging, tilrettelegging og skaffa vikar. Leiar skal ta omsyn til dei som treng stabilitet og ikkje handterer alle oppgåver.

Kommunesamanslåing kan krevja endring både i organisering av tenestene og i arbeidsoppgåvene til den enkelte leiar.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	95,32	91,84	90,44
Tal personar	177	131 + 30,2 vakante	126

Interne prosessar

Prosessen med kommunesamanslåing er i gang i fleire arbeidsgrupper. Dette tek mykje tid.

Samarbeid med frivillige og nytte FRISKUS til koordinering av dette kan vera til hjelp for å klara å dekkja alle behov til brukarar. Me må og ha fokus på at brukar skal ha fridom til å handla sjølvstendig i trygge rammer. Her er velferdsteknologi viktig, den må dekkja brukar sitt behov samt vera enkel å bruka og har rask responstid.

Me har stort fokus på samarbeid på tvers av avdelinga, leiarane samarbeider både om å gi gode tenester og om tilsette. Me må og i større grad samarbeida på tvers av kommunalavdelingar for å gi tenester til det beste for brukar.

6.3.9 Rus- og psykiatriavdelinga

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Rus- og psykiatriavdelinga			
Sum utgifter	19 304 547	19 483 748	20 065 950
Sum inntekter	-3 128 703	-2 647 008	-2 442 166
Netto	16 175 844	16 836 740	17 623 784

Økonomi

Rus og psykiatri opplev ein auke både i tal brukarar og i omfanget av tildelte vedtak. Gjennom dei siste åra har tenesta blitt styrka gjennom prosjektmidlar. Tilskota vert redusert gradvis, og estimert tilskot for 2019 er på om lag 1,8 millionar kr. Dette dekker ikkje tal årsverk ein har i dag, og nokre prosjekt vil bli avslutta i 2019 om ein ikkje får nye midlar. Kombinasjonen av auka etterspurnad etter tenester og reduksjon av tilskotsmidlar skaper utfordringar for framtida.

Brukarperspektiv

Gruppe- og lågterskeltilbod vil styrkast med tanke på rask psykisk helsehjelp og førebygging. Jf. Strategi for helse og omsorg vil avdelinga jobbe med å setje brukar i sentrum med fokus på den enkelte sine meistringressursar og nettverksbygging. Gjennom samhandling med andre tenester, frivillige og lokalsamfunn kan fleire få god hjelp til å meistre kvardagen. Kommunalt rusarbeid er fortsatt eit satsingsområde, og ein ser eit behov for tettare buoppfylging til personar som på grunn rus eller psykisk helse har låg buevne.

Medarbeidarperspektiv

Avdelinga vil i 2019 ha fokus på å skape gode arbeidsrutinar, fleksibilitet og samhandling internt og eksternt. Reduksjon i tilskotsmidlar skaper utfordringar for drift framover, og det vil vera ein vurdering om visse tenester må omlokaliseras. Tilsette vil delta aktivt i prosessane.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	26,61	24,35	26,33
Tal personar	35	30 + 2 vakante	32

Interne prosessar

Det vert arbeida mot å ha eit meir målretta og tidsavgrensa tenestetilbod. Arbeidet frå førre år fortset med vekt på brukardeltaking, samhandling og kvalitetsheving i alle ledd. Ein jobbar for at overgangen til Voss herad i 2020 skal bli god både for tilsette og brukarar.

6.4 Rådmannen sin stab

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Rådmannen sin stab			
Sum utgifter	59 831 700	53 184 134	53 825 134
Sum inntekter	-12 900 650	-5 700 134	-5 450 134
Netto	46 931 050	47 484 000	48 375 000

Økonomi

Store delar av driftsbudsjettet er bunde opp i drift av tenester som er felles for alle kommunalavdelingane. Staben har fleire store felles budsjettpostar innanfor ma. drift av all felles IKT-infrastruktur og felles IT-system, kontingent til KS, kantinedrift, bedriftshelseteneste og forsikringar for alle tilsette i kommunen.

Overordna planlegging og miljøvern er organisert under rådmannen sin stab. Arbeidsoppgåver og budsjett er vidareført frå 2018.

EUs forordning for personvern blei norsk lov i 2018. Voss kommune kjøper personverntenester frå Bergen kommune. Me har difor ikkje tilsett eige personvernombod, slik me skreiv i budsjett 2018. Ordninga med personvernombod er obligatorisk for kommunane.

Brukarperspektiv

Rådmannen sin stab har ansvar for følgjande område:

- Personale og organisasjon: personale, løn, pensjon, refusjon, HMS, internkontroll, verksemdskontroll
- Informasjon: IKT, informasjon, servicetorg, dokumentcenter, politisk sekretariat
- Økonomi og analyse: rekneskap, fakturering, innkrevjing, innkjøp, skatt, overordna planlegging og miljøvern

Rådmannen sin stab skal omorganisert i Voss herad. Organisering av, og overgang til ny organisasjon, vil vera dei viktigaste oppgåvene for Rådmannen sin stab i 2019.

Kommuneplanarbeidet er i rute, og det blir no arbeida med arealdelen. Det skal mellom anna gjerast ei vurdering av ca. 200 innspel.

Medarbeidarperspektiv

I årsverkstala er det inkludert årsverk for overordna planlegging, naturforvaltning og friluftsliv.

I tillegg kjem lønsmidlar til frikjøp av 5 tilsette hovudtillitsvalde og hovudverneombod, samt løn for 3 tilsette i varig tilrettelagt arbeid på tinghuset. Varig tilrettelagt arbeidsplassar utgjer 2,1 årsverk.

Frikjøpsressursen har vore 2,96 årsverk i 2018. Denne vil auka noko i 2019. Dette har med tal medlemmer i dei største arbeidstakarorganisasjonane.

Det er ikkje oppretta ei eiga prosjektavdeling. Rådmannen sin stab er organisert i dei same tre avdelingane, og det samla tal årsverk er uendra frå 2018 til 2019.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	38	38	37
Tal personar	41	41	40

Interne prosessar

Eit av dei store prosjekta i året som kjem vert å slå saman Voss kommune og Granvin herad på løn og rekneskap.

Ny lov om personvern og personvernforordning tredde i kraft i mai 2018. Rutinar og retningslinjer må tilpassast som ein konsekvens av dette.

6.5 Kultur og fritid

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Kultur og fritid			
Sum utgifter	61 164 928	49 592 572	53 195 795
Sum inntekter	-25 189 971	-13 186 572	-16 135 795
Netto	35 974 957	36 406 000	37 060 000

Økonomi

Alle avdelingane i kommunalavdelinga har mindre endringar frå 2018 til 2019. Dette med nokre få unntak:

- Auke i tilskot til Vossajazz etter vedtak i økonomiplanen 2018-2021
- Auka utgifter til bibliotek grunna samanslåing med Granvin

Brukarperspektiv

Kulturlivet vil oppleve at dei får nye tilbod og nye aktivitetar. Ventelister på kulturskulen vert oppdatert, lagslivet vil kunna registrera seg og arbeida via kommunen sine oppdaterte heimesider.

Samanslåinga med Granvin vil prega 2019. Biblioteket vil frå 2019 ha ein tilsett som skal dekkja både biblioteket i Granvin og på Voss. Kulturskulen er i prosess om opptaket for 2019-2020 og korleis dette skal gjerast på ein best mogeleg måte for begge kommunane. Det er starta opp revidering av kulturminneplan. Arbeidet vil fortsetja i 2019.

Medarbeidarperspektiv

Det vert tilsett ny bibliotekar i samarbeid med Granvin.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	32,4	31,7	30,8
Tal personar	48	47	50

Interne prosessar

Det vil vera mykje arbeid knytt til samanslåinga med Granvin herad. Dette vil spesielt gjelda bibliotek, kulturskule og ungdomsarbeid.

6.5.1 Kommunalstab

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Kommunalstab			
Sum utgifter	19 022 206	18 071 197	17 572 534
Sum inntekter	-3 222 245	-1 236 500	-1 211 500
Netto	15 799 961	16 834 697	16 361 034

Økonomi

Stab i kommunal avdeling for kultur og fritid skal arbeide med å koordinere kulturtilskotfordeling, Den kulturelle skulesekken prosjektet, gje støttefunksjonar til avdelingsleiarar og kommunalsjef. Lønsbudsjettet er redusert då ein tilsett har vorte flytta internt i avdelinga (frå stab til kino).

Kulturtilskota har ikkje vore prisjustert sidan kommunalavdelinga vart oppretta hausten 2011. Nokre enkelttilskot har vore oppjustert i perioden, samstundes som tilskot til lokalt lagsliv (pott) tidlegare år har vorte redusert i samband med budsjettkutt. Konsumprisindeks i perioden august 2011- august 2018 er på 17,6%, noko som utgjer ca kr 470 000. Ei oppauke i kulturmidlane som tilsvara reell prisauke vil koma heile det lokale lagslivet til gode (sjå kulturplanen side 27). Kommunalavdelinga har ikkje funne rom for denne auken innanfor tildelt ramme.

Budsjett for årleg driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn er auke med 3%.

Brukarperspektiv

Frivillige lag og organisasjonar i bygda kan registrera seg på kommunen sine nye heimesider og får på denne måten tilgang til informasjon om relevante utlysingar av midlar osv. I tillegg har kommunen fornya abonnementet på Tilskuddsportalen, slik at alle lag og organisasjonar kan registrera seg der og får tilgang på utlyste tilskot som kan vera aktuelle å søkja på.

Kultur og fritid har starta opp revidering av kommunedelplan for kulturminne. Den nye planen skal vera ein temaplan. Dette arbeidet vil verta prioritert for fullt i 2019.

Medarbeidarperspektiv

Stilling knytt til kino vert flytta til budsjett for Kino for å få eit meir korrekt KOSTRA-rapportering.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	3,2	4,1	4,1
Tal personar	4	6	6

Stilling knytt til kino vert flytta til budsjett for kino for å få eit meir korrekt KOSTRA-rapportering

Interne prosessar

Ksys som system for å administrera Den kulturelle skulesekken lokalt er teke i bruk, noko som har letta koordineringa av tilbodet i 2018. Ny avtale om Tilskuddsportalen har gjort at denne er lettare å nytta for alle tilsette i Voss kommune og for lag og organisasjonar.

6.5.2 Idrett og folkehelse

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Idrett og folkehelse			
Sum utgifter	13 757 468	4 478 509	5 506 102
Sum inntekter	-10 144 318	-204 300	-1 069 300
Netto	3 613 150	4 274 209	4 436 802

Økonomi

Det vart i 2018 gjeve tilskot til folkehelsearbeid for kommunane på 145.000. Det er ikkje avgjort om dette vert vidareført, og dette er utelat i budsjettet.

Brukarperspektiv

Avdelinga jobbar i tett kontakt med idretten på Voss og har ei koordineringsfunksjon i høve søknadar og utbetaling av spelemidlar. Oppfylging av helseoversikta i høve risikofaktorar og utfordringar vert viktig. Samarbeid i høve folkehelse med Hordaland fylkeskommune og i Hardanger vert vidareført.

Medarbeidarperspektiv

Årsverka til avdelinga er på 1,8. For tida står begge stillingar vakante.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	1,8	1,6	2,0
Tal personar	1	1	5

Vakant stilling på idrett i 80%. I tillegg har avdelinga avsett personalressursar til leing av kommunalavdelinga.

Interne prosessar

Kulturdepartementet har endra søknadsportal og arbeidssystem for spelemidlane. Frå 2019 vil detta vera i full drift.

6.5.3 Kulturhus

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Kulturhus			
Sum utgifter	9 536 255	8 126 746	9 889 269
Sum inntekter	-8 811 614	-8 895 271	-10 095 771
Netto	724 641	-768 525	-206 502

Økonomi

Husleiga og kinoen er viktige for økonomien på Kulturhuset. Biblioteket, kulturskulen og vaksenopplæringa er faste leigetakarar.

Dei andre utgiftene og inntektene er derimot veldig variable. Det er lagt inn mindre endringar i utgifter og inntekter for 2019. Det er sett i gang eit arbeid for å sjå på drifta av kulturhuset opp mot dei økonomiske rammene som er lagt. Dette vil kunne føra til endringar i 2019. Utleigeprisar vert justert i 2019.

Brukarperspektiv

Det vert endringar i tilgangen til kulturhuset i samband med utviklinga av knutepunktet. Parkeringsplassane framfor forsvinn og vil ikkje koma tilbake. Brukarane må i framtida finna alternative parkeringsplassar. Dette kan på kortsikt gjera at ein får redusert besøk, og virke negativt på økonomien. Ei realisering av reguleringsplanen vil kunna føra til at dette vert løyst. Det vil verta kjøpt inn lydanlegg til foajeen i Gamlekinoen ved hjelp av Musikkutstysordninga. Dette vil føra til at fleire små arrangement enklare kan gjennomførast her.

Medarbeidarperspektiv

Stilling knytt til reinhald som var mellombels auka i budsjett 2016 med 45% på grunn av meir utleige til fylkeskommune (Voss gymnas) er redusert i budsjett 2019 med 20%.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	8,26	7,5	7,0
Tal personar	10	12	11

3 vakante deltidsstillinger per september 2018, ein tilsett med 70% stilling er flytta frå kulturstab

Interne prosessar

Det er starta opp eit arbeid for å utvikla eit nytt driftskonsept ved Voss kulturhus. Dette må bygga på ei forsvarleg økonomisk drift av huset. Eit tettare samarbeid med kulturlivet i bygda vil kunne styrke Kulturhuset.

6.5.4 Bibliotek

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Bibliotek			
Sum utgifter	7 749 807	7 671 270	8 109 837
Sum inntekter	-347 780	-308 146	-670 368
Netto	7 402 027	7 363 124	7 439 469

Økonomi

Utgifter til drift av biblioteksystemet Bibliofil er auka med 26.000.

Det er usikkert korleis utgiftene til drift av biblioteksystemet vil bli når me får felles katalog med Granvin våren 2019.

Brukarperspektiv

Biblioteket arbeider saman med interiørarkitekt Mette Heimtun for å gjera biblioteket til ein betre og meir triveleg stad å vera for ungdom og andre. Det vil mellom anna bli fleire skjerma sitteplassar. Arkitekten er betalt av Hordaland fylkeskommune, men biblioteket må betala for inventaret.

Biblioteket arbeider med å gje meir og betre informasjon og meir digitalt innhald.

Medarbeidarperspektiv

Voss bibliotek og Granvin bibliotek vil få felles personale frå 2019. Det vil også bli felles biblioteksystem.

Dette vil krevja at personalet begge stader får nye oppgåver og må omstilla seg.

60% stilling knytt til Granvin bibliotek ligg i stillingsoversyn.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	6,6	6	6
Tal personar	7	12	6

Interne prosessar

Felles biblioteksystem for Voss og Granvin. Utvikla samarbeidet med biblioteket i Granvin.

6.5.5 SLT Ungdomsarbeid

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
SLT Ungdomsarbeid			
Sum utgifter	3 775 359	3 872 793	4 053 145
Sum inntekter	-534 401	-607 800	-618 300
Netto	3 240 958	3 264 993	3 434 845

Økonomi

Det er ingen store endringar når det gjeld økonomiske tilhøve.

Nytt i 2018 er endring i sal av tobakk med innføring av gebyr . Me bruker satsane som Helsedirektoratet har som mal. 4.500 kr årleg for ordinere utsalsstader og 1.200 kr for midlertidige utsalsstader.

Brukarperspektiv

Avdelinga har i 2018 hatt fleire faste tiltak med godt besøk, ungdomsklubben "Gryto" som er inne i sitt 40 år som ungdomsklubb og Ungdomshuset UHV i gamle Voss barnehage. Begge desse klubbane er brukarstyrt med eige styre og har faste opningstider. Besøkstalet ligg på cirka 70 besøk pr. kveld når ein reknar begge tiltaka samla. Avdelinga har ulike tiltak som er retta mot brukarar til dømes: Prosjekt Gryterock, Ukm (i samarbeid med kulturskulen), utekontakten, motoraktivitet, skateklubben, Voss ungdomsråd og tysdagsklubben.

Tiltaka er ein del av total tilbodet til ungdom på Voss og rettar seg mot ungdom som ikkje har tilbod i til dømes organisert idrett eller lags liv.

Medarbeidarperspektiv

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	3,8	3,8	3,8
Tal personar	8	8	8

Interne prosessar

Nye nettsider er innført og vil gje betre informasjon om tenestene. Ein er no ferdig med digitalisering av alle skjema. Desse ligg tilgjengelege på nettsida og betrar vår måte å kommunisere på . Dette har gjort arbeidet med skjenkesøknader lettare og meir oversikteleg. I 2019 skal me og jobba med å digitalisere heile søknadsprosessen i høve skjenkesøknader, dette vil vere gjennomført i 4. kvartal 2018.

6.5.6 Kulturskule

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Kulturskule			
Sum utgifter	7 323 833	7 372 057	8 064 908
Sum inntekter	-2 129 613	-1 934 555	-2 470 556
Netto	5 194 220	5 437 502	5 594 352

Økonomi

Nært føreståande kommunesamanslåing vil få økonomiske konsekvensar. Tal årsverk må aukast opp, og ein må sjå på kostnader kring desentralisert undervisning.

Det er ønskeleg at ein frå hausten 2019 kan gjennomføre felles opptak for kulturskulane i det nye Voss Herad. Utgifter med tanke på dette er ikkje lagt inn i budsjettet.

Arbeidstakarar har passert 60 år, og ein må i gong med enkelte seniortiltak. Eit av desse tiltaka er redusert leseplikt, totalt er dette 12 elevplassar, som gir oss om lag 40.000 kr mindre i inntekt.

Brukarperspektiv

Prisen på ein kulturskuleplass er svært forskjellig i Granvin og Voss. Dette kan gje utslag i fråfall frå allereie eksisterande elevar i Granvin. Vidare er det viktig å bemerke at me i Voss kommune har omlag 120 elevar på venteliste, medan det ikkje er venteliste i Granvin. Eksisterande elevar i Granvin bør få behalde plassen sin i kulturskulen.

Desentralisert undervisning: Noko av tilbudet som er i Granvin må påreknast å fortsetje i Granvin, medan andre tilbud må sentraliserast.

Voss har heildigital søknadsprosess, dette må innførast i heile den nye kommunen.

Medarbeidarperspektiv

Det vert naudsynt å auke staben i kulturskulen. Om me skal ha felles opptak i 2019 vil det måtte budsjetterast med auka stab i dei 5 siste månadane i 2019.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	10	8	8
Tal personar	18	16	16

Antal årsverk som er ønskeleg i samband med samanslåinga

Interne prosessar

Kulturskulen har gjort store endringar det siste året. Innføring av kjernedag om torsdagane har vert effektivt og vellukka.

Skulen jobbar framleis aktivt med den digitale plattformen "Speedadmin.dk"

6.6 Teknisk

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Teknisk			
Sum utgifter	238 189 668	225 795 758	233 253 038
Sum inntekter	-134 343 302	-116 998 758	-121 261 038
Netto	103 846 366	108 797 000	111 992 000

Økonomi

I økonomiplanen er drifta vidareført i 2019 med følgjande auke gitt i økonomiplanen:

- reasfaltering av kommunale vegar 3.000.000
- sentrumsplanen 500.000
- veterinærvakt 140.000
- drift Lundhaugen omsorgsbustader 500.000
- drift nye kommunale vegar 200.000

I tillegg vert det trekt 200.000 kr i samband med redusert integreringstilskot.

Avdelingane har planlagt aktivitet i høve gitte rammer. Tekniske tenester opplever at faste driftsutgifter (løn, straum, kommunale avgifter, pålagde kontrollar, serviceavtalar, mm.) aukar på bekostning av frie midlar til drift og vedlikehald.

Det er nyttig å ha noko frie midlar til eigenfinansiering i prosjektsøknader. Berre innan arbeidet med sentrumsplanen har vi motteke 750.000 kr frå fylkeskommunen etter søknad, men det krev eigenfinansiering i alle prosjekt.

Brukarperspektiv

Tekniske tenester yt i stor grad tenester til innbyggjarane i Voss, men Bygg og eigedom (BOE) tener interne, kommunale brukarar. Stor byggjeaktivitet gjev lengre responstid for vedlikehaldsarbeid som ikkje er hastesaker. BOE vil i større grad prioritera vedlikehaldsoppgåver i samarbeid med leinga i kommunalavdelingane, jf. handlingsplan.

Areal til park/ friområde aukar. Ein må pårekna lågare standard på uteområda når arealet og nye aktivitetsområde aukar.

Som tidlegare vil det vera mest effektivt å gjennomføra samarbeidsprosjekt der leidningsnett for vatn og avløp, høgspenteledning, evt. anna infrastruktur vert skifta samstundes med oppgradering av kommunal veg. Behovet for midlar til veg er framleis stort, men budsjettet rommar ikkje investeringsmidlar.

Veterinærtjenestene er sikra for bønder i kommunen gjennom inngått avtale.

Medarbeidarperspektiv

Det er for tida eit svært høgt aktivitetsnivå innan tekniske tenester. Stor utbyggingsaktivitet gjev store utfordringar innanfor prosjekt- og byggjeleing både innanfor BOE og innan driftsavdelinga (veg, vatn og avløp). Det trengst stramme prioriteringar. Høgt forventningsnivå til service og oppfølging, gjer kvardagen svært hektisk for mange av våre tilsette. I tillegg kjem arbeid med nye Voss kommune. Mange avtalar og forskrifter må samordnast og vedtakast.

Driftsavdelinga prosjekterer så og sei alle prosjekt med eigne medarbeidarar. Likeins gjennomfører planavdelinga reguleringsprosessar og utarbeider planar i eigen regi. Dette gir erfaring og større utfordring for tilsette og ein utnyttar kunnskap og erfaring om lokale forhold.

Kurs og opplæring av våre tilsette vert prioritert også i dette budsjettframlegget.

Forventningane til tilsette er stor, noko som er utfordrande og slitande over tid. Krav og forventningar frå brukarane samsvarar ikkje alltid med ressurstilgangen.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	107,81	107,61	107,95
Tal personar	116	115	115

Det er tilsett 20% stilling som flyplassansvarleg for Voss flyplass Bømoen.

Interne prosessar

Nytt elektronisk vedlikehaldsprogram er under innføring. Det vil effektivisera og betra kommunikasjonen mellom BOE og interne brukarar av kommunale bygg. Mykje arbeid for å leggja inn opplysningane i basen, men vil truleg vera klar til bruk i 2019.

Utbyggingsavtalar i samband med gjennomføring av reguleringsplanar, krev eit tett og nært samarbeid opp mot plan, oppmåling og byggjesak, men og drift i form av VA og veg. Dette gir nye moglegheiter for gjennomføring av ynskt utvikling, utbygging og grøn infrastruktur, men krev i mange tilfelle kommunal eigendel. Organisering av utarbeiding og gjennomføring av utbyggingsavtalar må ha fokus i 2019.

Arbeidet med Nye Voss herad og kommunesamanslåingsprosessen vil ha fokus i alle avdelingane innan tekniske tenester i 2019.

Ny brannstasjon vert utgreidd og ny brannordning er under utarbeiding i samsvar med framlegg til ny dimmensjoneringsforskrift.

God intern informasjonsflyt skal ha fokus.

6.6.1 Teknisk fellesadministrasjon

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Teknisk fellesadministrasjon			
Sum utgifter	3 146 573	3 707 581	3 820 458
Sum inntekter	-34 516	-102 500	-102 500
Netto	3 112 057	3 605 081	3 717 958

Økonomi

Det er ingen større endringar frå 2018.

Brukarperspektiv

Fellestene vil innehalda administrative ressursar som i utgangspunktet har brukarar innan eigen organisasjon og skal arbeide for å gjera avdelinga best mogleg skikka til å gjere dei tenestene som teknisk er pålagt overfor våre borgarar.

Medarbeidarperspektiv

Ingen endringar eller tiltak er planlagt.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	3,5	3,5	3,5
Tal personar	5	5	5

Interne prosessar

Arbeidet med Nye Voss og kommunesamanslåingsprosessen med Granvin herad, vil ta ein del ressursar frå denne gruppa/leiinga også i 2019.

6.6.2 Plan, oppmåling og byggesak

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Plan, oppmåling og byggesak			
Sum utgifter	12 187 890	14 089 401	14 685 510
Sum inntekter	-7 645 720	-8 262 500	-8 117 500
Netto	4 542 170	5 826 901	6 568 010

Økonomi

Avdelinga ser føre seg omlag same aktivitet i året som kjem. Vi legg inn noko auke i plangebyr, prisvekst og auka aktivitet, kun prisvekst for oppmålingsgebyr og reduksjon i byggesaksgebyr som skuldast mindre tal saker. Totalt sett for avdelinga vert gebyrinntektene lik som 2018. Overskot i plangebyr vil gi meir rom for innleige til utgreingar i eigenplanlegging, samt forlenga prosjektstilling ut året.

Store utgiftspostar er løn- og sosiale kostnader samt vedlikehaldskontrakt for alle kart tenestene og utgifter til kartverket. Arbeidet med sentrumsplanen er godt i gang og det vil vere like stort behov for konsulentmidlar i 2019. Planleggingsprosessar tar lang tid og det er behov for modning. Det tar tid å søke om støttemidlar, men det viser seg å vere nyttig. Vi har fått 750.000 kr frå Hordaland fylkeskommune til ein del utgreiing i samband med sentrumsplanen. Det er på vilkår av at kommunen stiller med likt beløp. I tillegg er det andre planprosessar på gang.

Brukarperspektiv

Størstedelen av tenestene er retta ut mot eksterne brukarar. Handsaming av private reguleringsplanar i tråd med plan og bygningsloven. Handsaming av byggesaker, søknadar om utslepp, søknadar om deling av einskildtomter og tilleggsareal og seksjonering. Handsaming etter matrikkellova og delingssaker. I tillegg driv ein med eigenplanlegging; sentrumsplan, plan for sentralidrettsanlegget og plan for Vetleflaten. Alt dette kjem brukarane i kommunen til gode.

Med barselpermisjon i halve 2019 kan det bli utfordringar knytt til nok ressursar på byggesak for å imøtekomme brukarane. For å imøtekomme det store engasjementet med sentrumsutvikling bør prosjektleiarstilling bli forlenga ut året 2019. Prosessen vil truleg vare ut året.

Tenestene er dels finansiert med gebyr, men mange av oppgåvene er samfunnsoppgåver og forvaltningsoppgåver (til dømes arealforvaltning, tilsyn og karttenester), der ein ikkje har høve til gebyrfinansiering av tenestene. Det vert viktig å oppgradere skråfoto i 2019.

Medarbeidarperspektiv

Avdelinga vil ha noko vakanse pga. barselpermisjon halve 2019, men vi får ein 40% ressurs frå

Granvin. Totalt 15 stillingar/personar, 13,7 årsverk. 3,9 årsverk oppmåling, 3,9 årsverk arealplan, 4,9 årsverk byggesak og 1 årsverk prosjektleiar sentrumsplan.

Med full bemanning skal vi ha tilfredsstillande ressursar til å forvalte lovpålagte oppgåver og drive eigenutvikling.

Det vil vere ein nyttilsett leiar (byggesak) + ein tilsett (plan) i overgang frå Granvin. 1 på byggesak og 1 på plan. Det gjer at det er viktig å halde fram med prioritering av kurs/opplæring.

Det vert viktig å halde fram å jobbe med oppgåvemotivasjon jf. arbeid med 10 faktor undersøkinga.

Det vert veldig viktig å få til ein god struktur og organisering på byggesak slik at ressursane vert nytta rasjonelt.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	13,7	13,6	13,6
Tal personar	15	14	14

Interne prosessar

Det vil halde fram med fokus på kommunesamanslåing. Spesielt arbeid med endring av matrikkel i Voss og Granvin er ei viktig oppgåve for avdelinga. Samkøyring av planregister og arkivering er viktig. Det vert viktig å integrere medarbeidar frå Granvin i vårt miljø og våre rutinar.

Betre organisering av byggesak og tilsyn må på plass. Det må bli laga rutinar som vert fylgt opp av kvar medarbeidar. Ny byggesaksleiar må få rom til å gjere tiltak for å betre miljø og arbeidsinnsats på avdelinga.

Arbeid med utbyggingsavtalar er framleis ikkje godt nok. Det må bli jobba med å få til eit godt samarbeid internt i kommunen for å få gode utbyggingsavtalar på plass. Utbyggingsavtalar genererer arbeidsoppgåver og ansvar for kommunen, og utløyser i dei fleste tilfelle behov for økonomiske ressursar i tillegg til dei administrative.

Det skal vere fokus på god intern informasjonsflyt.

6.6.3 Drift

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Drift			
Sum utgifter	89 947 761	85 690 048	89 780 905
Sum inntekter	-68 787 398	-60 452 132	-63 933 149
Netto	21 160 363	25 237 916	25 847 756

Økonomi

I nettoramma for drift ligg både veg, vatn og avløp. Grunna sjølvkostprinsippet skal alle utgifter til vatn og avløp betalast av gebyr og utgjær tilnærma 0 i netto driftskostnader.

Budsjettet har om lag same nettoramme som i budsjett 2018. Auken frå budsjett 2018 for veg er: prisvekst 2,2% og 0,2 mill. kr auke til brøyting. Vintervedlikehald er krevjande med ofte skiftande vegforhold. Trafikantar stiller større krav til kommunale vegar i og med at hovudvegar har "svart dekke".

Avdelinga vil fortsatt prioritere reasfaltering av vegar med tilfredsstillande beredekke der

asfaltdekket er mest slitt, som i 2018.

Innan vatn og avløp vil ein følgja opp hovudplanane og utarbeidd prioriteringsliste. Arbeidet med utbygging av reservevassanlegget på Bømoen held fram også i 2019 med prøver av vasskvalitet og mengde.

Nytt reinseanlegg på Evanger vil bli bygt i 2019. Reinseanlegg Gjernes vil fortsette utskifting av utslite komponentar i reinseprosessen.

Brukarperspektiv

Avdelinga har prioritert vegutbetring og vil halda fram med utbetring av dei verste flaskehalsane etter prioriteringslista. Samstundes vil vi ha fokus på asfaltering av vegar der berelag og grunn er ok, men asfaltdekket er dårleg.

Som tidlegare vil det vera mest effektivt å gjennomføra samarbeidsprosjekt der leidningsnett for vatn og avløp, høgspenteleidning, evt. anna infrastruktur vert skifta samstundes med oppgradering av kommunal veg.

Eit fullgodt reservevassanlegg i Bømoen vil gje innbyggjarane ennå større trygghet og kommunen sikkerheit for at vi kan levera reint vatn til ei kvar tid.

Medarbeidarperspektiv

Driftsavdelinga prosjekterer så og sei alle prosjekt med eigne medarbeidarar. Dette er ein stor fordel i og med at ein har kunnskap og erfaring om lokale forhold.

I 2019 blir det viktig å arbeide med Nye Voss herad, få til ein god prosess for alle medarbeidar i Granvin og Voss.

Det er gjennomført medarbeidarundersøking, 10-faktor. Avdelinga arbeider med å utarbeide ein handlingsplan for å følgje opp resultatet i medarbeidarundersøkinga.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	34,53	34,53	36,13
Tal personar	36	36	37

Interne prosessar

Vakant stilling som kontrollingeniør/byggjeleiar er sett på vent til ein har oversikt over samla personell Granvin og Voss.

Utbyggingsavtalar i samband med gjennomføring av reguleringsplanar, krev eit tett og nært samarbeid opp mot plan, oppmåling og byggjesak, men og drift i form av VA og veg. Dette gir nye moglegheiter for å få gjennomført ynskt utvikling knytt til teknisk utbygging og grøn infrastruktur, men krev i mange tilfelle kommunal eigendel inn i prosjektet.

Det vil verta ein bilansvarleg for forvaltning av alle bilane i kommunal teneste, stå for innkjøp og vurdera utskiftingstakt og behov. Planane om å bygja eit felles bygg til drift og bygg og eigedom kan nå realiserast ettersom tomte på Istad er klar til å takast i bruk. Bygget vert sjølvfinansierende då kommunen i dag leiger desse lokala i Bømoen.

6.6.4 Bygg og eigedom

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Bygg og eigedom			
Sum utgifter	105 331 620	99 611 065	101 377 905
Sum inntekter	-45 399 645	-39 352 126	-40 228 389
Netto	59 931 975	60 258 939	61 149 516

Økonomi

Faste driftsutgifter (straum, kommunale avgifter, pålagde kontrollar og serviceavtalar mm) aukar på bekostning av frie midlar til vedlikehald.

Personellressursar på Bygg og eigedom (BOE) vert nytta i samband med investeringsprosjekt, noko som gjev mindre ressursar att til gjennomføring av større vedlikehaldsoppgåver. Mange hastesaker krev ressursar. Mykje midlar går til tilrettelegging for elevar med særlege behov. Dette krev mykje meir midlar enn det er sett av i investeringsbudsjett, og ein god del vert dermed belasta driftsbudsjettet.

Det er auke i ramma med halvt års verknad pga. Lundhaugen omsorgsbustadar. Det er nedtrekk i lønsbudsjett pga. reduksjon i overføringar knytt til flyktningar.

Prestegardslandet vert "større" og krev nytt utstyr til vedlikehald.

Aktivitetsparken aukar i omfang og krev meir ressursar.

Pga den auka aktiviteten på Prestegardslandet, er det naudsynt med vaktordning for søppelhenting i helgen sommarstid.

Brukarperspektiv

Bygg og eigedom (BOE) yt i stor grad tenester til interne brukarar i kommunen. På grunn av stor byggeaktivitet, vil det truleg verta lengre responstid for oppdrag som ikkje er hastesaker.

BOE vil i større grad prioritera arbeids- og vedlikehaldsoppgåvene på ulike bygg i samarbeid med leinga i kommunalavdelingane.

Det er utført mykje arbeid innan fagfeltet radon (målingar og tiltak som etablering av radonbrønner). Dette gjeld også for bustadar. Det vert vinteren 2018/19 gjennomført kontrollmålingar av tiltak som er utført i sommar.

Vi ser at areal med friområde og parkar veks, og med auka areal, aukar arbeidsmengda. Av den grunn må ein pårekna noko lågare standard på uteområda generelt.

På grunn av sjukmeldingar har ein del arbeid ikkje vorte utført så raskt som ynskjeleg. Det er tilsett 2 nye i ledige stillingar 2018

Nytt elektronisk vedlikehaldsprogram er under innføring. Det er teke i bruk internt i BOE, og vert klart for resten av brukarane vinter 2018/19.

Medarbeidarperspektiv

Det er stor slitasje på medarbeidarar grunna høg aktivitet og mange investeringsprosjekt samstundes. Forventningane til BOE er for tida større enn det avdelinga kan innfri, noko som er utfordrande og slitande over tid. Krav og forventningar frå brukarane samsvarar ikkje med ressurstilgangen (personell og pengar).

Det er viktig for medarbeidarane at dei har tid til å serva brukarane innan det som er kjerneoppgåva: drifta og vedlikehalda dei kommunale bygningane slik at tilhøva vert best mogeleg tilrettelagt for brukarane.

Mange ad hoc-oppdrag er utfordrande for økonomien samt for framdrift av planlagde arbeid. Det vert gjennomført diverse kurs der det er krav til at opplæring er dokumentert, sertifikat oa.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	41,6	41,6	40,6
Tal personar	45	45	44

Interne prosessar

Bygg og eigedom arbeidar vidare med omsyn til organisering. Her må ein også tenkja på Voss herad frå 2020. Nye og større kommunale bygg med meir kompliserte tekniske anlegg, vil krevje endringar i vaktmeistarkorpset. Bygg og eigedom vil arbeida med tydeleggjering av ansvarstilhøva mellom eigar og brukar av bygg. Ein vil tydeleggjera brukane sitt ansvar i høve endringar hjå brukar som påverkar budsjetta. Det vil påverka vaktmeistarinnendinga når det kjem til fleire nye bygg med større grad av sentrale styringssystem.

Fagkompetansen i Bygg og eigedom må i endå større grad tilpassast dei nye bygningane og dei tekniske installasjonane i desse.

Nytt styringsverktøy innan Forvaltning, drift og vedlikehald (FamacWeb) er teke delvis i bruk. Styringsverktøyet vert teke i full bruk når BOE har fått registrert inn og har tilstrekkeleg kunnskap om bruken intern. Dette vil ha betydning også for brukarane. Det ligg inne at ein enkelt kan utvida til å ta med Granvin frå 2020.

6.6.5 Næringsavdeling

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Næringsavdeling			
Sum utgifter	11 584 715	7 396 098	7 695 399
Sum inntekter	-7 433 200	-3 810 500	-3 860 500
Netto	4 151 515	3 585 598	3 834 899

Økonomi

Avdelinga har fått auka ramme på 140.000 kr knytt til kostnader med veterinærvakt.

Ein stilling er auka opp frå 80% til 100% for å avhjelpa utfordringar med opplæring av ny medarbeidar og arbeidsinnsats som for avdelinga går tapt knytt til politisk arbeid. For tida er det to medarbeidarar ved avdelinga som er politisk valde.

Brukarperspektiv

Landbruket med husdyr er gjennom ny avtale med veterinærar sikra ein trygg og god tilgang på veterinærhjelp over heile døgnet gjennom heile året. Avtalen er gjort fram til 2020.

Landbruksdirektoratet har varsla ein gjennomgang av vaktstruktur knytt til kommunesamanslåing.

Ny avtale er eit samarbeid med kommunane Vaksdal, Modalen, Granvin, Ulvik, Eidfjord og Voss.

Avdelinga har teke initiativ til eit prosjekt for innsamling av piggråd. Dette er eit samarbeid med Bonde- og småbrukarlag, Bondelaga, Mattilsynet og IHM, med finansiering frå Kraftfondet, SMIL midlar (spesielle miljøtiltak i landbruket) og Hordaland Fylkeskommune.

Avdelinga er engasjert i Biogass prosjekt med representant i arbeidsutval. Prosjektet har som mål å

produsera biogass av matavfall og husdyrgjødsel.

Avdelinga er delaktig i prosjekt for eit større fokus på eit klima- og miljøvennleg landbruk på Voss.

Medarbeidar i avdelinga tek del i prosjekt "Klart språk".

Medarbeidarperspektiv

Avdelinga har mannskap i alle stillingsheimlar i 2019 og tek del i prosjekt (gjort greie for i brukarperspektiv). Utviklingsarbeid er viktig arbeidsfelt i avdelinga.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	5,0	4,8	4,6
Tal personar	5	5	5

Endringa i årsverk har sin bakgrunn i at avdelinga ikkje held personalressursar til fagområdet motorferdsel.

Interne prosessar

Arbeidet med Voss herad er prioritert og vil meir eller mindre krevja innsats av alle.

Granvin sit med kompetanse på vitale område (AR 5) som avdelinga vonar å kunna ta i bruk før 2020.

Årlege endringar i produksjon- og avløyisingstilskot skapar mykje frustrasjon i landbruket og mykje ekstra arbeid for avdelinga.

6.6.6 Brannvern

Driftsrapport lokal

Beskrivelse	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Brannvern			
Sum utgifter	15 991 109	15 301 565	15 892 861
Sum inntekter	-5 042 823	-5 019 000	-5 019 000
Netto	10 948 286	10 282 565	10 873 861

Økonomi

Det vert arbeidd med å lukka avvik frå arbeidstilsynet. Modulbygg vert sett opp som midlertidig løysing for feiarane. Dette medfører auka driftsutgifter i hovudsak til reinhald og straum.

Brukarperspektiv

Det vert arbeidd med feiing/tilsyn av alle fritidsbustader/hytter. Planen er at alle fritidsbustader/hytter skal få besøk av feiaren i løpet av ein fireårsperiode frå oppstart.

Medarbeidarperspektiv

Voss brannvern har store utfordringar med å løysa kravet frå arbeidstilsynet som går på rein og skiten sone for feiarane, for brannmannskapet til høyrande Voss stasjon og brannmannskapet tilhøyrande Vossestrand stasjon.

Me har førebels klart å løyse kravet om rein og skiten sone for feiarane med midlertidig modulbygg.

Stillingsoversyn

	2 019	2 018	2 017
Årsverk	9,13	9,13	9,13
Tal personar	10	10	10

Interne prosessar

Brannordning for Voss Herad pågår.

Planlegging av ny brannstasjon på Voss og vurdering av ny brannstasjon på Vossestrand pågår.

7 Avgiftsbudsjett

7.1 Oppvekst

Betalingssatsar 2019

Gebyr	Pris 2018	Pris 2019	% endring
Barnehageplass, heil plass (frå 01.01.19)	2 910	2 990	2,8
Barnehageplass, heil plass (frå 01.08.19)		3 040	
Barnehageplass, 4 dagar (frå 01.01.19)	2 395	2 460	2,8
Barnehageplass, 4 dagar (frå 01.08.19)		2 510	
Barnehageplass, 3 dagar (frå 01.01.19)	2 060	2 115	2,8
Barnehageplass, 3 dagar (frå 01.08.19)		2 165	
Barnehageplass, halv plass (frå 01.01.19)	1 610	1 655	2,8
Barnehageplass, halv plass (frå 01.08.19)		1 705	
Kjøp av einiskilddagar (frå 01.01.18)	315	323	2,8
Kjøp av einiskilddagar (frå 01.08.18)		373	
Ordinær SFO-plass, 5 dagar	2 095	2 165	3,3
Ordinær SFO-plass, 3 dagar	1 460	1 510	3,3
Utvida SFO-plass, 5 dagar	2 790	2 880	3,3
Utvida SFO-plass, 3 dagar	1 915	1 980	3,3

Barnehagesatsen endrast med kr 50 frå 01.08.18 jf. statsbudsjettet 2019.

7.2 Helse og omsorg

Betalingssatsar 2019

Gebyr	Pris 2018	Pris 2019	% endring
Institusjonsopphald: Inntil 75% av grunnbeløpet i folketrygda og inntil 85 % av inntekter ut over grunnbeløpet			
Maks betaling sjukeheim pr mnd	58 400	60 000	2,7
Maks betaling aldersheim pr mnd	42 000	45 000	7,1
Dagopphald/nattopphald i institusjon (statleg sats) kr/dag	80	85	6,25
Dagtilbod, aktivisering (ny) kr/dag		150	
Korttidsopphald (statleg sats) kr/dag	160	165	3,13
Tryggleiksplass Hagahaugen kr/dag	237	244	3,0
Tryggleiksplass Hagahaugen kr/mnd	5 052	5 200	2,9
Heimehjelp, timesats (Brukar betaler timesats eller månadsbeløp/abonnement avhengig av omfang, ut i frå kva som er mest føremålstenleg for brukar)			
Heimehjelp, timesats	358	366	2,4
Heimehjelp/husmorvikar < 2G, kr/mnd	205	210	2,4
Heimehjelp/husmorvikar inntil 3 G, kr/mnd	919	1 000	8,8
Heimehjelp/husmorvikar inntil 4 G, kr/mnd	1 617	1 800	11,3
Heimehjelp/husmorvikar inntil 5 G, kr/mnd	2 251	2 500	11,1
Heimehjelp/husmorvikar inntil 6 G, kr/mnd	2 885	3 200	10,9

Gebyr	Pris 2018	Pris 2019	% endring
Heimehjelp/husmorvikar over 6 G, kr/mnd	3 448	3 900	11,8
Dagsats husmorvikar 0-2 G	205	210	2,4
Dagsats husmorvikar 2-3 G	587	645	9,9
Dagsats husmorvikar 3-4 G	768	845	10,0
Dagsats husmorvikar 4-5 G	951	1 050	10,4
Dagsats husmorvikar 5-6 G	1 134	1 250	10,2
Dagsats husmorvikar over 6 G	1 235	1 360	10,1
Tryggleiksalarm, kr/mnd	328	338	3,05
Omsorgsteknologi, kr/mnd	350	350	0
Montering e-lås (pr montering)	800	800	0
Middag til heimebuande	88	91	3,4
Graut til heimebuande	46	48	4,3
Heilpensjon Vossestrand	120	124	3,3

Grunnbeløpet (G) er per 1. mai 2018 kr 96 883
Statlege bestemte satsar frå framlegg til Statsbudsjett 2019.

7.3 Kultur og fritid

Betalingssatsar 2019

Gebyr	Pris 2018	Pris 2019	% endring
1. Kulturskule , einskildelevar	3 775	3 865	2,4
2. Kulturskule , instrumentleige	510	520	2,0
3. Kulturskule , gruppeundervisning	2 080	2 130	2,4
4. Kulturskule , biletekonst	3 320	3 400	2,4
5. Kulturskule , materialpengar	650	650	0
6. Kulturskule , dans	2 790	2 850	2,4
7. Kulturhus, leige av kultursal (lag/kommers)	8405/16230	8615/16630	2,5
8. Kulturhus, leige av konferanserom (lag/kommers)	6170/8405	6325/8615	2,5
9. Kulturhus, leige av digitalsal/panoramasal (lag/kommers)	5045/8960	5170/9185	2,5
10. Kulturhus, leige av rom 005 (lag/kommers)	2520/3915	2580/4010	2,5
11. Kulturhus, leige av studierom (lag/kommers)	2520/3915	2580/4010	2,5
12. Kulturhus, leige av dansesal (lag/kommers)	8400/10640	8610/10900	2,5
13. Kulturhus, leige av utstillingsrom (lag/kommers)	2805/3920	2875/4020	2,5
14. Gamlekinoen, leige av foaje	1 690	1 750	3,5
15. Gamlekinoen, leige av sal	5 600	5 740	2,5
16. Årleg tilsynsavgift salgsstader tobakkvarer, faste	4 500	4 500	0
16. Årleg tilsynsavgift salgsstader tobakkvarer, mellombels	1 200	1 200	0

7.4 Teknisk

Betalingssatsar 2019

Gebyr	Pris 2018	Pris 2019	% endring
Byggjesak - einebustad	14 458	14 776	2,2
Oppmåling	11 077	11 321	2,2
Plangebyr - enklaste plansak	26 830	27 420	2,2
Renovasjon 1)	4 317		
Feiing	500	511	2,2
Septiktømming	868	887	2,2
Vatn 2)	3 487	3 487	-
Vatn 3)	3 838	3 838	-
Avløp 2)	4 245	4 245	-
Avløp 3)	5 203	5 203	-
Vatn/avløp netto endring 4)	9 040	9 040	-
Landingsavgift pr landing	120	125	2,2
Landingsavgift årskort	2 350	2 402	2,2
Landingsavgift fast avgift flyklubben og fallskjermklubben	35 200	35 975	2,2

Alle betalingssatsar eks. meirverdiavgift.

1) Renovasjonsgebyret føreslått av IHM.

2) Stipulert forbruk gj.sn. vassforbruk hushald med vassmålar.

3) Stipulert forbruk gj.sn. areal einebustad Voss.

4) Netto endring for abonnentar av BÅDE vatn og avløp.

8 Budsjett pr. funksjon

Budsjett pr. funksjon

Funksjonnr	Kostra funksjon	Avdeling	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Endring 2018-2019 i %
100	Politisk styring	Rådmannen- politiske organ	7 098	5 671	5 358	25 %
110	Kontroll og revisjon	Rådmannen- politiske organ	1 361	1 361	1 289	0 %
120	Administrasjon	Alle kommunalavdelingane	90 890	74 347	58 577	22 %
121	Eigedomsforvaltning	Kultur og fritid, Teknisk	6 743	5 802	6 167	16 %
130	Administrasjonslokale	Teknisk	2 586	2 959	2 889	-13 %
170	Årets premieavvik	Rådmannen- politiske organ	-	-	-5 450	
171	Tidlegare års premieavvik	Rådmannen- politiske organ	-	-	1 179	
172	Pensjon	Rådmannen- politiske organ	-	-	446	
173	Premiefond	Rådmannen- politiske organ	- 26 654	- 10 000	- 11 510	167 %
180	Fellesutgifter	Rådmannen- politiske organ	825	825	656	0 %
201	Barnehage	Oppvekst	107 619	100 399	101 771	7 %
202	Grunnskule	Oppvekst	172 969	163 668	170 273	6 %
211	Styrkt barnehage tilbud	Oppvekst	7 612	8 135	7 993	-6 %
213	Vaksenopplæring	Oppvekst	4 522	3 659	3 952	24 %
215	Skulefritidsordning	Oppvekst	3 290	4 536	3 563	-27 %
221	Barnehage- lokale og skyss	Oppvekst	6 479	6 252	8 461	4 %
222	Skulelokale	Oppvekst	30 973	32 393	30 118	-4 %
223	Skuleskyss	Oppvekst	6 479	6 479	6 140	0 %
231	Aktivitetstilbud - barn og unge	Kultur og fritid	3 114	3 045	3 011	2 %
232	Helsestasjon og skulehelse	Oppvekst	12 185	9 407	9 402	30 %
233	Førebyggjande helsearbeid	Helse og omsorg	4 228	3 017	2 057	40 %
234	Aktivering av eldre og funksjonshemma	Helse og omsorg	15 953	15 926	15 869	0 %
241	Lege og fysioterapi tenester	Helse og omsorg	26 509	27 607	28 994	-4 %
242	Sosial og flykningkontor	Oppvekst Helse og omsorg	17 594	16 663	14 203	6 %
243	Rusomsorg	Kultur og fritid	201	220	192	-9 %
244	Barnevernsteneste	Oppvekst	7 049	8 221	7 998	-14 %
251	Barnevernstiltak i familien	Oppvekst	5 892	5 447	6 612	8 %
252	Barnevernstiltak utanfor familien	Oppvekst	20 082	20 696	24 338	-3 %

Funksjonnr	Kostra funksjon	Avdeling	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Endring 2018-2019 i %
253	Pleie i institusjon	Helse og omsorg	149 530	146 257	146 945	2 %
254	Pleie til heimebuande	Helse og omsorg	124 127	116 094	112 060	7 %
256	ØHD	Helse og omsorg	2 575	2 381	704	8 %
261	Institusjonslokale	Helse og omsorg, Teknisk	25 758	28 111	24 865	-8 %
265	Kommunalt disponerte bustader	Teknisk	6 032	- 221	5 691	-2829 %
273	Kommunale sysselsettingstiltak	Rådmannen sin stab	588	332	457	77 %
275	Introduksjonsorninga	Oppvekst	9 064	12 764	15 427	-29 %
276	Kvalifiseringsordning	Helse og omsorg	2 640	2 640	2 549	0 %
281	Ytingar til livsopphald	Oppvekst, Helse og omsorg	13 668	16 438	17 002	-17 %
283	Stønad til eigen bustad	Rådmannen- politiske organ	42	42	-1 258	0 %
285	Tjenester utenfor kommunalt ansvarsområde	Fellesinntekter	-	-	840	
290	Interkommunale samarb. 27-samarb.ny	Oppvekst	5 310	5 537	0	-4 %
301	Plan - sakshamsaming	Rådmannen- politiske organ, Teknisk	6 134	4 261	3 572	44 %
302	Bygge- og delesak	Teknisk	- 585	- 650	- 451	-10 %
303	Kart og oppmåling	Teknisk	3 234	3 231	2 573	0 %
320	Kommunal næringsverksemd	Kultur og fritid, Fellesinntekter	166	- 653	- 457	-125 %
321	Konsesjonskraft	Fellesinntekter	- 13 164	- 8 981	- 7 834	47 %
325	Tilrettelegging og bistad for næringslivet	Kultur og fritid, teknisk, Fellesinntekter	6 487	6 193	5 393	5 %
329	Landbruk	Teknisk	1 852	1 794	1 577	3 %
330	Samferdsle	Teknisk	460	312	95	47 %
332	Kommunale vegar, miljø,traikksikr,par kering	Teknisk	32 351	28 672	25 375	13 %
335	Parkar og plassar	Rådmannen sin stab, Teknisk	4 632	4 822	4 042	-4 %
338	Førebygging brann og ulukker	Teknisk	740	621	1 209	19 %
339	Beredskap brann og ulukker	Teknisk	10 128	9 655	9 637	5 %
340	Produksjon av vatn	Teknisk	5 160	5 120	4 747	1 %
345	Distribusjon av vatn	Teknisk	- 7 751	- 7 633	- 6 933	2 %
350	Avlaupsrensing	Teknisk	13 530	13 470	14 302	0 %
353	Avlaupsnett	Teknisk	- 13 812	- 13 609	- 16 730	1 %
354	Tøming av septiktank	Teknisk	- 111	- 115	- 73	-3 %
360	Naturforvaltning og friluftsliv	Rådmannen sin stab, Teknisk	1 897	1 898	1 921	0 %
370	Bibliotek	Kultur og fritid	4 803	4 727	4 730	2 %

Funksjonnr	Kostra funksjon	Avdeling	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Endring 2018-2019 i %
373	Kino	Kultur og fritid	-524	- 249	601	111 %
375	Museum	Kultur og fritid	424	424	2 384	0 %
377	Kunsformidling	Kultur og fritid	875	850	940	3 %
380	Idrettaktivitetar og tilskot idrett	Kultur og fritid	1 731	1 598	3 000	8 %
381	Kommunale idrettsanlegg/bygg	Teknisk	3 192	3 721	2 302	-14 %
383	Kulturskule	Kultur og fritid	4 556	4 399	4 075	4 %
385	Kulturaktivitetar og tilskot kultur	Kultur og fritid	6 406	6 570	6 258	-2 %
386	Kommunale kulturbygg	Kultur og fritid	5 510	5 392	5 838	2 %
390	Kyrkja	Kultur og fritid	8 177	7 955	7 768	3 %
392	Tilskot livsytorganisasjonar	Kultur og fritid	475	462	507	3 %
393	Kyrkjegardar	Kultur og fritid	1 556	1 517	1 506	3 %
800	Skatt	Fellesinntekter	- 453 873	- 441 815	- 442 744	3 %
840	Rammetilskot og generelle statstilskot	Fellesinntekter	- 460 424	- 452 143	- 467 679	2 %
850	Flyktningstilskot	Fellesinntekter	- 31 728	- 38 747	- 41 470	-18 %
860	Motpost avskrivning	Fellesinntekter	- 45 685	- 45 685	- 45 685	0 %
870	Renter, utbyte og lån	Fellesinntekter	40 061	46 103	34 117	-13 %
880	Interne finansieringstransaksjonar	Fellesinntekter	- 11 813	- 600	46 405	1868 %
899	Årets rekneskapsmessige meir/mindreforbruk	Fellesinntekter	-	-	5 352	

9 Balansert målstyring

9.1 Økonomi

9.1.1 Voss

Økonomi

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett		0%	0%	0%
Avvik mot prognose 3. kvartal		0 %	0 %	0%
Andel inngående elektroniske faktura		60 %	60 %	100%
Andel faktura godkjent innan forfall		80 %	80 %	100%

9.1.2 Grunnskular

Økonomi

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett		0%	0%	0%

9.1.3 Barnehagar

Økonomi

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett		0%	0%	0%

9.1.4 Helse og omsorg

Økonomi

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett		0%	0%	0%
Avvik mot prognose 3. kvartal		0 %	0 %	0%
Betalbare døgn utskrivingsklare pasientar		50	50	
Andel faktura godkjent innan forfall		80 %	80 %	100%

9.1.5 Kultur og fritid

Økonomi

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett		0%	0%	0%

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Avvik mot prognose 3. kvartal		0 %	0 %	0%
Andel faktura godkjent innan forfall		80 %	80 %	100%

9.1.6 Teknisk

Økonomi

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Avvik totalt i høve til netto driftsbudsjett		0%	0%	0%
Avvik mot prognose 3. kvartal		0 %	0 %	0%
Andel faktura godkjent innan forfall		80 %	80 %	100%

9.2 Brukarar

9.2.1 Grunnskular

Brukarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Nasjonal prøve lesing, 5. årssteg		50	50	100
Nasjonal prøve rekning, 5. årssteg		50	50	
Nasjonal prøve engelsk, 5. årssteg		50	50	
Nasjonal prøve engelsk, 8. årssteg		50	50	
Nasjonal prøve lesing, 8. årssteg		50	50	
Nasjonal prøve rekning, 8 årssteg		50	50	
Nasjonal prøve lesing, 9. årssteg		53	53	
Nasjonal prøve rekning, 9. årssteg		53	53	
Grunnskulepoeng		40	40	
Elevundersøking - Trivsel		4	4	
Elevundersøking - Mobbing på skulen		1,2	1,2	
Elevundersøking - Motivasjon		3,8	3,8	
Brukarundersøking SFO, resultat for brukarane		5	5	6
Brukarundersøking SFO, %-vis foreldredeltaking		60 %	60 %	100%

9.2.2 Helse og omsorg

Brukarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Tal personar med økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde i meir enn 6 mnd		5	5	0

9.2.3 Kultur og fritid

Brukarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Andel kinobilletter kjøpt via nett (e-billett)		40 %	30 %	
Saksbehandlingstid skjenkesaker (i tal dagar)		14	14	

9.2.4 Teknisk

Brukarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Tal piper feia i fritidsbustader		500	800	3 200
Gjennom aktivt lekkasjesøk redusera mengde produsert vatn pr døgn (i m3)		3 900	3 900	
Byggesaker handsama innafør tidsfrist fastsett i plan- og bygningsloven		100 %	100 %	100%

9.3 Medarbeidarar

9.3.1 Voss

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis	5,5 %	7,7 %	8,2 %	0%
Statistikk sjukefråvær	5,5 %	7,5 %	7,5 %	0%
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	100 %	100%
Medarbeidarvurdering	100 %		90 %	100%
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)		85 %	85 %	100%

9.3.2 Grunnskular

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis		7,7 %	8,2 %	0%
Statistikk sjukefråvær	3,1 %	7,5 %	7,5 %	0%
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	100 %	100%
Medarbeidarvurdering	100 %		90 %	100%
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)		85 %	85 %	100%

9.3.3 Barnehagar

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis		7,7 %	8,2 %	0%
Statistikk sjukefråvær	5,9 %	7,5 %	7,5 %	0%
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	100 %	100%
Medarbeidarvurdering			90 %	100%
Prosent menn i barnehage				
Tilsette med barnehagelærarutdanning				
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)		85 %	85 %	100%

9.3.4 Helse og omsorg

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis		7,7 %	8,2 %	0%
Statistikk sjukefråvær	7,3 %	7,5 %	7,5 %	0%
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling		100 %	100 %	100%
Medarbeidarvurdering			90 %	100%
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)		85 %	85 %	100%

9.3.5 Kultur og fritid

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Sjukefråvær kvartalsvis		7,7 %	8,2 %	0%
Statistikk sjukefråvær	7,1 %	7,5 %	7,5 %	0%
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling	100 %	100 %	100 %	100%
Medarbeidarvurdering	100 %		90 %	100%

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)		85 %	85 %	100%

9.3.6 Teknisk

Medarbeidarar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Sjuefråvær kvartalsvis		7,7 %	8,2 %	0%
Statistikk sjuefråvær	3,6 %	7,5 %	7,5 %	0%
Medarbeidarsamtalar > 40% stilling		100 %	100 %	100%
Medarbeidarvurdering			90 %	100%
%-vis deltaking medarbeidarundersøking (10-faktor)		85 %	85 %	100%

9.4 Interne prosessar

9.4.1 Voss

Interne prosessar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	100 %	100%
Andel e-Handel		20 %	30 %	100%
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde	100 %	100 %	100 %	100%

9.4.2 Grunnskular

Interne prosessar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	100 %	100%
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde	100 %	100 %	100 %	100%
Leverte sjekklister, lovkrav				

9.4.3 Barnehagar

Interne prosessar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	100 %	100%
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde	100 %	100 %	100 %	100%
Leverte sjekklister, lovkrav				

9.4.4 Helse og omsorg

Interne prosessar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	100 %	100%
Andel e-Handel		20 %	30 %	100%
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde		100 %	100 %	100%

9.4.5 Kultur og fritid

Interne prosessar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
HMS- Vernerunde	100 %	100 %	100 %	100%
Andel e-Handel		20 %	30 %	100%
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde		100 %	100 %	100%

9.4.6 Teknisk

Interne prosessar

Måleindikatorar	Resultat 2018	Mål 2018	Mål	Maks score
Andel e-Handel		20 %	30 %	100%
HMS- Vernerunde		100 %	100 %	100%
Utarbeiding av handlingsplan etter vernerunde		100 %	100 %	100%